SAMNANGER KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval:	**Kommunestyret**
Møtedato	**25.02.2021**
Møtetid:	**Kl. 15:00**
Møtestad:	**Biblioteket på Bjørkheim**

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordførar

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
005/2021	21/164	Faste saker	
006/2021	20/109	Handsaming av uttalar til oppstartsmelding og planprogram - Vedtak av planprogram for KDP Akvakultur i sjø	
007/2021	21/140	Avtale Regionalt Digitaliseringsarbeid	
008/2021	20/605	Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune	
009/2021	20/605	Mål og retningslinjer for barneverntenesta i Samnanger kommune	
010/2021	18/951	Tilskot ekstraordinært kommunalt næringsfond	
011/2021	19/889	Plan for friluftlivets ferdselsårer	
012/2021	21/103	Opprusting og tilrettlegging av leikeplass i Bjørkhaugen	
013/2021	18/534	Førespurnad om auka eigenkapital Hardanger AKS	
014/2021	18/1787	Vedtak av delegeringsreglement for Samnanger kommune - ny handsaming	
015/2021	20/222	Ekstra midlar til kontrollutvalet i Samnanger kommune	
016/2021	20/222	Årsmelding 2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune	
017/2021	21/151	Veg og gangsti Hagabotnane - drøfting av alternativ	
018/2021	20/730	Talerett i kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne	
019/2021	19/831	Vurdering av løysing for strøyming og opptak av offentlege møte	
020/2021	19/1056	Fastsetjing av valdag - Stortings- og sametingsvalet 2021	
021/2021	20/795	Ordning med kommunalt tilskot til nydyrking og redyrking i Samnanger	
1	20/25	Interpellasjon frå MDG: Lysureining	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Orienterings-/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	**Arkivkode**: FE-033
Arkivsaksnr: 21/164	**Løpenr**: 21/1606
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	005/2021

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:
Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Orienteringssaker/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.

Oversikt over orienteringssaker/ grunngjevne spørsmål og interpellasjonar:
Interpellasjon frå MDG - Lysureining
Grunngjeve spørsmål frå H - Erikajorda
Grunngjeve spørsmål frå H – Totræna
Partsbrev frå kontrollutvalet – Oppfølging av «arbeidstilhøva i Samnanger kommune».

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	**Arkivkode**: FE-140
Arkivsaksnr: 20/109	**Løpenr**: 21/404
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	09.02.2021	002/2021
Kommunestyret	25.02.2021	006/2021

Handsaming av uttalar til oppstartsmelding og planprogram - Vedtak av planprogram for KDP Akvakultur i sjø

09.02.2021 Naturutvalet:
Handsaming i møtet:
Krav i planprogram, foreslått av Monica Tjønna, Senterpartiet
Samnanger kommune ynskjer å bevare villfisk i betydeleg større grad enn pr idag. Vi set krav om at alle nye anlegg skal plasseras på land og at alle utvidingar av eksisterande anlegg i fjord/sjø må søka kommunen om utviding. Slike søknadar skal behandlas i naturutvalet.

krav i planprogrammet, foreslått av Monica Tjønna, Senterpartiet
Samnanger Kommune ynskjer å betre ivareta både klimaet i sjøen og våre villfiskstammer i kommunens fjord og sjø. Vi vil ha ein nullutsleppsvisjon av kjemikalier/medisinsk utslepp og skadeleg slam i kommunens fjord.

Monica Tjønna sett fram sitt første framlegg som ho seinare trekte, og sette fram eit nytt 2. framlegg. Ho ønskjer å justere framlegget med å erstatte ordet klima med miljø i sjøen, og få inn ordet for forureining etter nullutsleppsvisjon. Utvalet slutta seg til dette.
Det vart røysta over framlegget frå rådmannen og 2. framlegg frå Tjønna med justering som ovanfor.
Framlegga vart samrøyses vedteke.

NAT- 002/2021 Vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 11-13 andre ledd vert planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, planID 4623 202001, endeleg fastsett. Planprogrammet er dagsett 28.10.2020, med revisjonsdato 26.01.2021. Planområdet er synt i vedlagt kart, dagsett 23.10.2020, og femner om heile havflata i Samnanger kommune.
Samnanger Kommune ynskjer å betre ivareta både miljøet i sjøen og våre villfiskstammer i kommunen sin fjord og sjø. Vi vil ha ein nullutsleppsvisjon for forureining av kjemikalier/medisinsk utslepp og skadeleg slam i kommunen sin fjord.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1 andre ledd og 11-13 andre ledd vert planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, planID 4623 202001, endeleg fastsett. Planprogrammet er dagsett 28.10.2020, med revisjonsdato 26.01.2021. Planområdet er synt i vedlagt kart, dagsett 23.10.2020, og femner om heile havflata i Samnanger kommune.

Dokument som er vedlagt:
Fråsegn til planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, Samnanger kommune – Vestland fylke
Fråsegn - Oppstartsmelding - Planprogram - Samnanger - Kommunedelplan for akvakultur i sjø
Fråsegn til oppstart og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, Samnanger kommune
Samnanger kommune Vestland - Kommunedelplan for akvakultur i sjø – oppstart og forslag til planprogram
Samnanger – kommunedelplan for akvakultur i sjø - uttale Fiskarlaget Vest
2020_Samnanger_kart
NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med Kommunedelplan for akvakultur i sjø - Høyring av planprogram - Samnanger kommune
Innspill til planprogrammet for Samnanger akvakulturplan
Innspel kommuneplan Samnanger kommune m vedlegg
Høyringssvar - planprogram - tombre
Planprogram KDP Samnanger. 28.10.2020_revidert etter høyring 26.01.2021
Planområde. KDP Akvakutlur i sjø, Samnanger
01. Merknadsskjema KDP Akvakultur. Planprogram

Kva saka gjeld:
Formannskapet i Samnanger kommune vedtok i februar 2020 å setja av midlar til utarbeiding av kommunedelplan for akvakultur i Samnanger. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av framleggsstillar Samnanger kommune.

Oppstart av arbeidet med planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 11-12 kunngjort 26. november 2020. Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i perioden 26. november 2020 til 21. januar 2021, med heimel i plan- og bygningslova § 11-13. Merknadane til oppstart og planprogram har no blitt gjennomgått av ABO og Samnanger kommune, og vert presenterte i dette sakspapiret. Basert på innkomne uttalar vert det føreslått nokre endringar i planprogrammet. Det er kommunestyret som skal endeleg fastsetja planprogrammet, jf. plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd.

Kommunedelplanen sitt hovudføremål er å avklare og regulere arealbruk for eksisterande og framtidig matproduksjon i sjø (akvakultur). Kommunedelplanen vil vere med på å planlegge for framtida og utvikle næringsliv knytt til sjøområda i kommunen. Planlegginga skal legge til rette for ein balansert bruk, mellom fritid, næring og vern. I dette inneber det areal- og interesseanalysar som gir arealmessig opning for å kunne søke om godkjenning etter akvakulturlova og andre sektorlover. Planen skal balansere bruk og vern og legge føringar for matproduksjon i sjø sett i samanheng med klima, miljø og FN sine berekraftsmål.

Det kom inn 9 uttalar til høyringa av planprogrammet:
- Kystverket Vest
- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Fiskeridirektoratet
- Fiskarlaget Vest
- NVE (hadde ingen innspel)

- Naturvernforbundet Hordaland og Norges jeger- og Fiskerforbund Hordaland (ført i pennen av Forum for natur og friluftsliv)
- Lerøy Vest og Sjøtroll havbruk
- Tombre fiskeanlegg AS

(Vedlegga til dette sakspapiret er sortert i same rekkjefølgje som lista over, men me har dessverre ikkje moglegheit til å gje vedlegga andre namn enn det som dei fekk som inngåande brev til arkiv.)

Vurderingar og konsekvensar:

Merknad	**Kommentarar og justering av planmateriale**
Kystverket 16.12.2020	
I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kommunane si arealplanlegging skal sikre tilstrekkeleg areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken, og det må takast omsyn til farleiene (hovud- og bilei) i kommunen sitt sjøareal. Akvakultur ekskluderer andre føremål som farlei og ferdsel. Etablering av akvakulturlokalitetar i nærleiken av farleiene kan få verknad for tryggleiken og framkomma i farvatnet. Kystverket har følgjande innspel til KDP for akvakultur i sjø: Akvakulturområdet «Djupedalen» ligger i konflikt med kvit sektor til Oldervik lykt. Kommunen bør ta stilling til om område for fortøyingane skal ligge innafor eller kan komme utanfor område avsett til akvakultur, eventuelt omsynssone for fortøyingar. Fortøyingane må ligge på sikker djupne i areal avsett til farlei og minimum 20 meters djup når dei går inn i kvit sektor. Linje for farlei er forskriftsfesta og må inn i arealplankartet. For å trygge ferdsla i sjøområda kan det verta behov for nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Ynskjer at det i kommuneplanen vert gitt ein generell aksept for etablering av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar ved at det vert tatt med i føresegna til arealplanen. Om det vert brukt underføremål «Fiske» i farvatn som også har status som hovud- eller bilei, er det viktig at areal vert gitt kombinertføremål både ferdsel og fiske. Kystverket ynskjer dialog i det vidare arbeidet.	Forholda som Kystverket peiker på er allereie ein del av planprogrammet og ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet. Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Akvakulturområde Djupedalen, og ev. justering ifht. kvit sektor · Sikre areal/føresegner for fortøyingar · Linje for farlei skal leggast inn i plankartet. Kombinert føremål for fiske og farlei skal følgjast opp · Planen omfattar sjøareala og ikkje land, men føresegn om navigasjons-installasjonar vil takast med Ein vil etablere kontakt med Kystverket i det vidare arbeidet for å avklare problemstillingar i planforslaget før offentleg ettersyn.
Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen) 04.01.2020 Statsforvaltaren er positiv til at Samnanger kommune nå går i gang med det viktige arbeidet det er å få på plass ein kommunedelplan for akvakultur. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging legg til grunn at kommunane skal sikre tilstrekkeleg areal til havbruksnæringa og avvege dette mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Det er vidare uttalt at regjeringa vil legga til rette for føreseieleg vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa, der miljømessig berekraft vil vere den viktigaste føresetnaden for regulering av næringa. Statsforvaltaren har følgjande innspel til KDP for akvakultur i sjø: Dei utfordringane som følgjer av akvakultur er felles for fleire kommunar i Bjørnafjordregionen. Kunnskapsgrunnlaget som skal leggjast til må vere interkommunalt i den forstand at verknadene av planforslaget for sjøareal i tilstøytane kommunar òg må vurderast i	Fleire av forholda som Statsforvaltaren peiker på, som t.d. kunnskapsgrunnlag, fleksibilitet og sumverknad, er allereie ein del av planprogrammet. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover: · Innspel til fokusområda om lakse- og innlandsfiskelova · Det finst andre anadrome vassdrag enn det ein finn i lakseregisteret · Det er presisert at tabell kap. 1.2 på side 5 syner føresegner i gjeldande kommuneplan, og det er desse


planarbeidet , jf. sumverknader og samla belastning for fjordsystemet i samsvar med naturmangfaldlova § 10. Det ikkje nok å berre sjå på tilhøva i Samnangerfjorden og Trengereidfjorden, men ein må sjå dette i samanheng med Fusafjorden og Bjørnafjorden som Samnangerfjorden og Trengereidfjorden er delar av. Etter det vi kan sjå, er forslaget til planprogram i det vesentlege dekkande for å kunne utarbeide planforslag med konsekvensutgreiing (KU). Men meiner at ein også må legge til lakse- og innlandsfiskelova i fokusområda omtala i planprogrammet. Det vert vist til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som eit kunnskapsgrunnlag om problemstillingar. Det vert vist til vassdrag med oppgang av anadrom fisk, og at alle anadrome vassdrag er ikkje registrert i lakseregisteret. Statsforvaltaren syner til at dette gjeld spesielt sjøaurevassdrag og peiker på Storelva/Skjeljåna i Trengereidfjorden. Statsforvaltaren legg til grunn at òg dagens akvakulturanlegg påverkar bestandar av vill laksefisk i fjordsystemet negativt, og er difor kritisk til å etablere nye areal for oppdrett i sjøen i kommunedelplanen. Statsforvaltaren syner til vassførekomstane i kommunen deira tilstand. Den generelle utviklinga dei siste 30 åra har vore å trekke akvakulturanlegg ut av tronge terskelfjordar, og peiker på at det er overraskande at det er regulert akvakulturområde så langt inne i Samnangerfjorden, samstundes som at miljøundersøkingar tyder på at den inste delen av Samnangerfjorden ikkje er eigna som resipient for utslepp av oksygenforbrukande materiale. Viser til granskingar frå 1985 og 1999 som viser at oksygenforholda i dei djupaste laga er dårlege. Det vist til søknad om landbasert anlegg ved Komfarholmen, Samnøy, i Bjørnafjorden kommune, og at dersom det vert gitt utsleppsløyve vil det stenge for moglegheiter for nye utslepp lengre inne i fjorden. Gjennom kommunedelplanen vil ein kunne skaffe fram naudsynt kunnskap for å vurdere verknader ut frå reelle sumverknader og samla belastning, og med det leggje grunnlaget for ei berekraftig utvikling av næringa i framtida. Samstundes er det viktig at ein tek høgde for framtidig utvikling innan næringa, t.d. omstrukturering, ny teknologi, nye artar, samt at det vert sett av tilstrekkeleg areal til å sikre m.a. plass for å skifte ut gamle anlegg i nyare og meir rømmingssike anlegg, plass til fortøyingar mv.	føresegnene som no skal reviderast. Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Kommunen har teke stilling til og vedteke å gjennomføre KDP med fokus på akvakultur. Det er ikkje aktuelt å vente på interkommunalt planarbeid. Planarbeidet skal likevel sjå ting i samanheng som til dømes fiskeri, naturmangfald og friluftsliv. · Ut frå innspel og samla vurdering vil ein ikkje legge opp til nye akvakulturområde lengst inn i Samnanger- eller Trengereid-fjorden. Vurderingar av om eksisterande AK-område (som ikkje er tekne i bruk) skal vidareførast eller fjernast skal vurderast i planframlegget. Forholdet til eventuell landbasert anlegg ved Komfarholmen vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget. · For dei areala som vert regulert til akvakultur, vil ein søke å sikre fleksibilitet slik Statsforvaltaren skildrar det. · Ein ønskjer å ha dialog med Statsforvaltaren undervegs i arbeidet, særleg om vassførekomstane og oksygenforholda i fjordsystemet, samt for å drøfte problemstillingar før offentleg ettersyn.
Vestland Fylkeskommune (VLFK) **12.01.2021** VLFK skriv at planprogrammet er oversiktleg, med ein struktur vi kjenner igjen og med dei elementa plan- og bygningslova § 4-1 om planprogram seier skal vere med. Dei har ikkje særskilte merknader til kapittel 1, 2 eller 5, då dei gir eit godt innblikk i planområdet og dei tema og omsyn som skal vere ein del av planarbeidet, men peiker på «nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål» som vurderingstema. VLFK har konkrete innspel til kapittel 3 om regionale føringar, der vi viser til relevante regionale føringar, gjeldande og under arbeid, som kan vere nyttig for dette planarbeidet. I kapitel 3 manglar relevante regionale planar: Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, Regional plan for vassforvaltning, Planstrategi for Vestland fylkeskommune og regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Andre forhold som er peika på i uttalen: Eit godt kunnskapsgrunnlag om økosystema i Bjørnefjorden bør skaffast fram, presenterast og leggjast til grunn i planarbeidet for å sikra ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa og forsvarleg forvalting av økosystemet.	Forholda som Fylkeskommunen peiker på, som t.d. kunnskapsgrunnlag, fleksibilitet, og vurdering av nye/fjerne/flytte akvakulturområde, er allereie ein del av planprogrammet. Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål vil bli dekka opp av dei tema som er sett som utgreiingstema. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover: · Kapittel 3 med omsyn til relevante regionale planar · Det er presisert at tabell kap. 1.2 på side 5 syner føresegner i gjeldande kommuneplan, og det er desse føresegnene som no skal reviderast.

Bergen sjøfartsmuseum kjenner ikkje til særlege funn i områda satt av til akvakultur. Me har heller ikkje informasjon om at dei planlagde områda for akvakultur i planprogrammet har vore nytta som hamn eller ankringsplass i eldre tider. I marin tiltaksplan for Vestland fylke 2020 står det at havbruk har eit stort potensiale for auka matproduksjon og matberedskap i ein stadig veksande befolkning. Marin mat og marine ingrediensar har enno eit stort unytta potensiale som kan realiserast og forvaltast m.a. gjennom samarbeid om forsking og næringsutvikling og ved å nytte eigna areal. VLFK meiner at heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet. VLFK meiner at det er viktig at kommunen planlegg områda for akvakultur store nok slik, at ein tek høgd for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye artar. Og at kommunen bør vurdere å legge inn fleire akvakultur områder. Dette er ei næring i rask utvikling og det kjem stadig ny og betre teknologi innan oppdrett. I den siste tida er det kome fleire nye artar innan oppdrett, til dømes makroalgar. Kommunen bør difor vurdere grundig om det er fleire område som egnar seg til akvakultur i kommuneplanen. Avstanden mellom A02 og A03 kan sjå ut som om er noko kort, dette med tanke på fiskesjukdommar og smitte mellom einingane. Det er berre totalt ca. 800m på tvers av fjorden ved Nygård. Fortøyingane til akvakulturanlegga ligg no, i dei fleste tilfella, utafor området avsett til akvakultur. I føresegnene bør det ev. vere med at det er høve til å leggje fortøyingar og forankringar i fleirbruksområde utafor området avsett til akvakultur. Det er viktig at føresegnene vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjons-handsaming i forkant. Arealplanar bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rulleringa av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda. Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv i VLFK har høg kompetanse på akvakulturplanlegging i sjø og er opne for eventuelle spørsmål i samband med dette. <u>Oppsummering</u> Vestland fylkeskommune er positive til at Samnanger kommune utarbeider ein kommunedelplan for akvakultur. Potensialet for marin mat og marine ingrediensar kan realiserast og forvaltast m.a. gjennom samarbeid om forsking og næringsutvikling og ved å nytte eigna areal. Vi vil vidare særleg peika på relevante regionale planar, og fokuset på berekraftig utvikling av akvakultur i Samnanger kommune **Fiskeridirektoratet** **20.01.2021**	Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Ut frå innspel og samla vurdering vil ein ikkje legge opp til nye akvakulturområde lengst inn i Samanger- eller Trengereid-fjorden. Vurderingar av om eksisterande AK-område (som ikkje er tekne i bruk) skal vidareførast eller fjernast skal gjerast i planframlegget · Kommunen har teke stilling til og vedteke å gjennomføre KDP med fokus på akvakultur. Det er ikkje aktuelt å vente på interkommunalt planarbeid. Planarbeidet skal likevel sjå ting i samanheng som til dømes fiskeri, naturmangfald og friluftsliv. · Vidare arbeid vil vise korleis anlegg og fortøyingar kan regulerast i plankartet / føresegner. Ein skal sikre areal/ føresegn for fortøyingar. · For dei areala som vert regulert til akvakultur, vil ein søke å sikre fleksibilitet slik innspelet skildrar. · Vurdering av areal for bruk av ny teknologi og/eller artar vil vera ein del av arbeidet. · Vurdering av om A03 og A04 skal vidareførast skal gjennomførast. · Det er lagt opp til medverknad og møter med aktuelle partar ila. planarbeidet. Ein ønskjer å ha dialog med Fylkeskommunen undervegs i arbeidet, for å drøfte problemstillingar før offentleg ettersyn.
Generelt meiner Fiskeridirektoratet at planprogrammet er oversiktleg og godt disponert, og at planprogrammet oppfyller krava etter § 4.1 i Plan og bygningsloven. Og har følgjande innspel til tema akvakultur, fiskeri, gyteområde og medverknad: · Fiskeridirektoratet er generelt positiv til at kommunen vil revidere arealbruk i sjøområda og har starta opp arbeid med kommunedelplan for akvakultur. Det er forståing for at de 2 selskapa i kommunen, ønsker større grad av fleksibilitet på	Forholda som Fiskeridirektoratet peiker på, som t.d. fleksibilitet, toleevna til fjord-systemet, tilgrensande kommunar, utgreiing av verknadar for fiskeriinteresser, samt gyteområde, er allereie del av planprogrammet. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover

lokalitetane, og at det vert utgreia moglegheit for å sette av ytterlegare areal til avlastningslokalitetar. · Kommunen sine sjøareal er begrensa, med en smal fjordtopografi der det allereie er etablert 2 lakseoppdrett. Fiskeridirektoratet stiller spørsmål ved om det er plass til fleire fiskeoppdrettsaktørar av omsyn til risiko for auke av smittepress, luse-problematikk, miljø og konkurrerande arealbruksinteresser. · Kommunen sine sjøareal består av Samnangerfjorden og Trengereidfjorden som begge er avleggjarar frå det større fjordsystemet lenger ute, Fusafjorden/ Bjørnefjorden. Dei topografiske forholda og at det er etablert 2 lakseoppdrett lenger inne i fjorden, tilsei at det er dei midtre og ytre delane av fjorden som peikar seg ut for planlegging for fiskeoppdrett. Lengst ute i fjorden, har Bjørnafjorden kommune avsatt heile sjøarealet frå vestsida av Børøya til kommunegrensa mot Samnanger, til akvakultur. Korte distanser over fjorden og ei kommunegrense som går på langs midtfjords, medfører difor at Samnanger i stor grad må forholde seg til nabokommunen sitt val av arealbruk i denne delen av fjorden. Vi forventar difor at Samnanger legg opp til dialog og samarbeid med Bjørnafjorden i planprosessen. · Det er kystfiske med tradisjonelle reiskap som garn, line, ruse og teine gjennom heile året i heile Bjørnefjorden, Fusafjorden, Samnanger- og Trengereidfjorden. På grunn av dei topografiske forholda i fjorden, ser Fiskeridirektoratet det generelt som ei utfordring å planleggje nye areal for akvakultur utan at dette samtidig medfører økt risiko for konflikt med fiskeriinteresser. Vi forventar at problemstillingar knytt til utøving av fiske vert utgreia tilstrekkeleg og i den samanheng også problemstillingar kytt til fortøyingssystem frå oppdrettsanlegg. · Det er registrert fleire gyteområde i indre del av Samnangerfjorden, samt eit område inst i Trengereidfjorden. Fiskeridirektoratet ser desse som viktige ressursområde som må beskyttast frå ytre påverknad som kan true fiskens gytesuksess. Ber om at problemstilling knytt til bevaring av gyteområda vert utgreia og kva typar arealbruk som kan representere trusselfaktor. · Fiskeridirektoratet ber om å legge vekt på høyring av interesseorganisasjonar og fiskarar som har praktisk erfaring frå fiskeri i Bjørnefjordregionen. Fiskeridirektoratet ber om at dei vert halde orientert og høyrast i den vidare planprosessen.	· Det er presisert at tabell kap. 1.2 på side 5 syner føresegner i gjeldande kommuneplan, og det er desse føresegnene skal no reviderast. Det er feil at Bjørnafjorden, tidlegare Fusa, har avsett til akvakultur på heile sjøarealet på vestsida av Børøy til kommunegrensa. I revidert KDP for akvakultur er det einast eit mindre areal avgrensa til områda ved Samnøy/ Komfarholmen regulert til kombinert føremål for akvakultur. Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Ut frå innspel og samla vurdering vil ein ikkje legge opp til nye akvakulturområde lengst inn i Samanger- eller Trengeriedfjorden. Vurderingar av om eksisterande AK-område (som ikkje er tekne i bruk) skal vidareførast eller fjernast skal vurderast i planframlegget · Verknad av anlegg på sjøflata og fortøyingar skal gjennomførast. · Verknad for gyteområda av plan-framlegget skal utgreiast. · Det er lagt opp til medverknad og møter med aktuelle partar ila. planarbeidet. Ein ønskjer å ha dialog med Fiskeridirektoratet undervegs i arbeidet, for å drøfte problemstillingar før offentleg ettersyn.
Fiskarlaget Vest **21.01.2021** Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Fiskarlaget Vest ber om å bli informert i det vidare arbeidet med planen. Følgjande konkrete innspel til KDP: · Fiskarlaget Vest vil peike på at ein ser det som svært uheldig at	Forholda som Fiskarlaget Vest peiker på, som t.d. kunnskapsgrunnlag, toleevna til fjordsystemet, verknadar av fortøyingar, utgreiing av verknadar for fiskeriinteresser, samt gyteområde, er allereie del av planprogrammet. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover: · Det finst andre anadrome vassdrag enn det ein finn i lakseregisteret


ein vurderer eit og eit tema for sjøområda, og ikkje handsamar alt under eitt. · Fiskarlaget Vest meiner at det er viktig med god planlegging i sjø basert på tilstrekkeleg kunnskap om det marine økosystem og marine tilhøve elles. Berekraft og sameksistens med fiskerinæringa må leggjast til grunn. Ein visar her til at det er registrert reketrålfelt, kaste-/ låssettingsplassar og gyte- og beiteområde. I tillegg blir det fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps. Kaste-/låssettingsplassar indikerar at det blir drive notfiske i området. · Arealmessig er det viktig at akvakulturanlegg inkludert fortøyingar ikkje kjem i konflikt med fiskeområde. Særleg viktig er det at reketrålfelt og kaste-/låssettingsplassar blir halde fri for fortøyingar og leidningar/kablar i sjø. I tillegg har ein det miljømessigeaspektet med utslepp frå anlegga. · Fiskarlaget Vest visar til Statsforvaltaren i Vestland sin uttale, og støttar merknaden om at ein må søke mot felles planarbeid i sjø på tvers av kommunar. · Ein peikar på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. · Til orientering står det på side 14 at det ikkje er registrert fangst av sjøaure eller laks i Tysseelva/Samnangervassdraget. Dette må sjåast i samanheng med at det ikkje har vore opna for fiske i Tysseelva. I tillegg peikar ein på at fiske etter anadrom laksefisk i sjø er strengt regulert. I tidlegare Hordaland fylke er det stort sett ikkje opna for fiske i sjø.	Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Verknad for fiskeområde både for miljøforhold og fortøyingar · Kommunen har teke stilling til og vedteke å gjennomføre KDP med fokus på akvakultur. Det er ikkje aktuelt å vente på interkommunalt planarbeid. Planarbeidet skal likevel sjå ting i samanheng som til dømes fiskeri.
NVE **21.01.2021**	
NVE har ingen innspel til planarbeidet.	
Naturvernforbundet og NJFF Hordaland **21.01.2021**	
Gruppa rår i frå å auke oppdrettsaktiviteten i planområdet grunna dårleg miljøtilstand i fjorden, og auka risiko for dødlegheit for laks og sjøaure som nyttar fjorden som vandrings- og beiteområde. Ved flytting av anlegg til planområdet må produksjonen føregå i lukka anlegg. Gruppa informerer om dagens tilstand i Samnangerfjorden: · Fleire vassdrag med bestandar av laks (Tysseelva og Lønningdalselva) og sjøaure (Tysseelva, Lønningdalselva, Hopselva og fleire mindre sjøaurebekkar. Sjøaurebestandane på Vestlandet slit generelt, mykje på grunn av spreiing av lakseluslarvar frå opne oppdrettsanlegg. Bestandane i Samnangerfjorden er ikkje eit unntak. · Undersøkingar av botnforholda ved Nygård viser «dårleg tilstand» ved høg produksjon, og prøvar teke når lokaliteten er brakklagt viser at den då hamnar i tilstand god/svært god. Sist resipientundersøking viste høg lokal belastning like ved lokaliteten, og høge målingar av kobbar. Sediment av organisk materiale kan påverke og endre både artsmangfald og biomassen på sjøbotn. Vassførekomsten Indre Samnangerfjorden har moderat økologisk tilstand, og oksygenforholda på djupet er dårleg. · Det er vist til planprogrammet at ein skal vurdere å flytte anlegg til fjorden eller auke biomasse, sjølv om kunnskapsgrunnlaget	Forholda som innspelet peiker på, som t.d. kunnskapsgrunnlag, toleevna til fjord-systemet, og utgreiing av verknadar for naturmangfald, er allereie del av plan-programmet. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover: · Det finst andre anadrome vassdrag enn det ein finn i lakseregisteret · Det er presisert at tabell kap. 1.2 på side 5 syner føresegner i gjeldande kommuneplan, og det er desse føresegnene som no skal skal reviderast. Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Det er for tidleg i planprogramfasen å stadfeste kva område som skal vidareførast, moglegheit for nye lokalitetar, type artar og type anlegg. Det vidare planarbeidet skal handtere desse forholda. Men allereie no ser ein ut frå innspel og samla vurdering at ein ikkje vil legge

seier at fjorden allereie er nok belasta. Og det er lista opp framtidige anlegg på side 5, der ingen av lokalitetane er nemnt som lukka anlegg. Gruppa rår i frå å auke oppdrettsaktiviteten i området pga. dårlege oksygenforhold, miljøtilstand, tilstand på fjordbotn ifht. kobbar, og auka risiko for dødlegheit for laks og sjøaure som nyttar fjorden til vandrings- og beiteområde. Til utgreiingsprogrammet: · Gruppa er positiv til at utgreiinga skal gjera greie for påverknad for villfisk, anadrome vassdrag og naturtypar mm. Dei meiner at konsekvensar for vill anadrom laksefisk må utførast av fagfolk med kompetanse på anadrom fisk og at utgreiinga bør innehalde estimat for endring i luserelatert dødlegheit for laksesmolt frå Tysseelva. Dette kan modellerast ved hjelp av eksisterande modellverktøy som vert nytta av Veterinærinsituttet og Havforskningsinstituttet. · Gruppa peiker på at det er berre Tysseelva som er omtala, og viser til andre elver som også vil bli negativt påverka ved auke i biomasse i fjorden, samt sjøaurebestandane. Konsekvensar for sjøaure bør inkluderast, samt auka fare for rømming og innblanding av rømt laks i bestandane. · Det er planlagt å nytte store offentlege ressursar på å reetablere laksebestanden i Tysseelva, og etablering av fleire lokalitetar med opne merdar i fjorden vil motarbeide dette. · Viktig at konsekvensar for marint miljø, inkl. risiko for vidare forverring av miljøtilstand, vert utgreia nøye. Dette gjeld spesielt oksygenforhold, auka næringsbelastning og vidare opphoping av kobbar. I tillegg bør utredar med fagkompetanse på fugl vurdere moglege konsekvensar for sjøfugl. Bærekraftig akvakultur Definisjon av bærekraft: · Gruppa meiner bærekraftsmåla bør presenterast i planprogrammet, og viser til bærekraftsmodellen til Stockholm Resilience Centre - "Sustainability Science for Biosphere Stewardship. I berekraftsmodellen er klima, naturvern, biologisk mangfald og reint drikkevatn grunnmuren som skapar føresetnadar for samfunnsutvikling, medan næringsinteresser er prioritert sist. · Oppdrettsnæringa har potensiale til å verta ein berekraftig næring i framtida, men føresetnaden er at næringa investerer i lukka anlegg som vil forhindre forureining, spreiing av lakselus og rømming av oppdrettsfisk. Gruppa oppfordrar oppdrettarane i fjorden å endre drifta til lukka anlegg, samt at etablering av eventuelle nye lokalitetar er lukka anlegg. · Utfasing av reinsefisk bør også vera med i ein berekraftig akvakulturplan. Inntil reinsefisk kan tilbys eit verdig liv i merdane bør bruken begrensast, pga. høg dødelegheit, dårleg velferd og påverknad på lokal fauna. <u>Oppsummering</u> Gruppa meiner at Indre Samnangerfjorden ikkje har kapasitet til fleire oppdrettsfisk i opne merdar, og rår i frå å auke oppdrettsaktivitet i planområdet pga. miljøtilstanden og auka risiko for dødlegheit for laks og sjøaure. Ved flytting av anlegg til planområdet må produksjonen føregå i lukka anlegg.	opp til nye akvakultur-område lengst inn i Samanger- eller Trengereid-fjorden. Vurderingar av om eksisterande AK-område (som ikkje er tekne i bruk) skal vidareførast eller fjernast skal vurderast i planframlegget. Vurdering av areal for bruk av ny teknologi og/eller artar vil vera ein del av arbeidet. · Utgreiingar av tema som innspelet viser til skal gjennomførast, t.d. villfisk, anadrome vassdrag og naturtypar. Risiko for driftsmessige verknadar vil verta belyst, men det er ikkje midlar i prosjektet til detaljerte kartleggingar/ analysar knytt til oksygen, lakselus eller rømming. Desse fagområda skal belysast tilstrekkeleg for plannivået, kommuneplan. · Berekraftsmåla vil bli omtala meir i planframlegget.

Planprogrammet har mange gode intensjonar, men dei kunne gjerne vore framheva meir, med sterkare målsetningar for å ta i vare dei anadrome fiskebestandane og det marine økosystemet, samt med retningslinje for meir berekraftig samfunnsplanlegging.	
Lerøy Vest 21.01.2021	
Lerøy Vest (LV) har ein stor og variert aktivitet i området Sagen i Samnanger kommune. Her er kar på land der ein nyttar sjøvatn til produksjon av reinsefisk, som ein seinare set ut i opne merdar på andre lokalitetar for å beite lus på laks og regnbogeaure. I tillegg er det eit vassbasseng i sjø, slik at brønnbåtar kan koma inn og hente ferskvatn, som ein nyttar til behandling mot ulike parasitter på fisk i opne merdar. I tillegg til anlegget på land er det eit semilukka anlegg på sjøen der LV set ut liten laks og regnbogeaure, for deretter å setja fisken ut i opne merdar (i andre kommunar) når den er om lag 0, 5 kg. For å sikra nok areal til å kunna utvikla eit slikt konsept med semilukka anlegg, føreslår LV at ein utvidar overflateareal sett av til Akvakultur i sjø. I tillegg at tilstøytane areal vert eit fleirbruksområde med fortøying nedover i vasslaget. Med eit slikt areal har LV moglegheit til å leggja ut den nye generasjonen semilukka anlegg innafor AK-området og la fortøyingane gå inn i tilstøytane fleirbruksområde.  	Innspelet er knytt til konkrete areal og ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet. Arealinnspelet vil følgje saka, og vil verta utgreia som del av planforslaget. Fortøyingar skal sikrast som del av planframlegget.
Tombre **21.01.2021** <u>Innspel til planprogram og høyring:</u> · Samnanger kommune peikar på at akvakulturnæringa treng ein god plan som skal balansere bruk og vern og legge føringar for matproduksjon i sjø sett i samanheng med klima, miljø og FN sine berekraftsmål. Dette passer godt med Tombre si satsing på økologisk laks og tilpassingar for delar av FN sine berekraftsmål. Tombre meiner at det er viktig at næringa gjer ei slik tilpassing på ein berekraftig måte, gjennom å ta omsyn til både miljø, samfunn og økonomi. · Tombre viser til gjeldande regelverk og at det vert jobba med å samle krav til drift av akvakulturanlegg til ei forskrift. Dei peiker på to sentrale punkt for dei: 1) Forslaget til ny forvaltning legg ikkje føringar for kva type utstyr ein skal nytta, men sett grenser for kva påverknad miljøet handterer. Tombre meiner at dette	Dei fleste forholda som innspelet peiker på konkret til planprogrammet er allereie del av planprogrammet. Ein ser ikkje behov for endring av planprogrammet, utover: · Planprogrammet har eit kapitel 4, for å forklare begrep som vert nytta i dokumentet. For mange er begrepa ukjente og ein har forsøkt å forenkle forklaringane. Forklaring kring begrep <u>merd</u> er endra i planprogrammet

prinsippet er viktig å ta med seg inn i arbeidet og at ein ikkje legg føringar for kva utstyr som skal nyttast i planperioden, i alle fall ikkje for heile området. Etter deira syn er truleg ikkje det optimale utstyret laga endå. 2) Tombre meiner at miljøkrav bør setjast av miljømynde og ikkje i areal knytt i ein plan. Dette sidan nasjonale krav kan endrast raskare enn ein lokal plan vil rullerast. · Tombre viser til utbetringsarbeid dei har gjort på lokalitet Nygård, samt kva ringverknadar m.a. dette gjer, samt andre vare/tenestekjøp og Havbruksfondet. · Informasjon om at avstand mellom anlegg med same type arter er regulert av mattilsynets regelverk og er grunna i risikoen for sjukdomssmitte. Minste avstand for ulike verksamheiter og omkringliggande miljø på hhv. 5 km, 2,5 km og 1,5 km. Avstandskrava er berre knytt til oppdrettsnæringa ikkje anna bruk av sjøområda til t.d. ferdsel, fiske, turisme og fritidsbruk. Tombre peiker på at artar som ikkje har risiko for sjukdomssmitte kan tenkast plasserast nærmare kvarandre, men at kva type andre artar akvakultur som er realistisk å starte opp med i planområdet er usikkert. Dersom det er konkrete søkjarar på lokalitetar, ser Tombre at det kan vera relevant å differensiere på art, men elles ikkje. · Presisering av begrep, kap 4. Tombre foreslår å bruke definisjonar nytta i standardar eller forskrifter. Særleg peiker dei på begrepet merd, og at den er ikkje er korrekt. Dei peiker også på at standardar, som t.d. NS9415, er og eit nyttig verktøy for å nå FNs berekraftsmål. <u>Nygård, forslag om justering</u> · Lokaliteten Nygård har vore drifta sidan 1990-talet og har ein klarert kapasitet på 2340 tonn. Lokalitetar ligg brakk mellom kvart utsett for å bryte smitte og påverknad, der Nygård har vore utan produksjon i 1,5 år fram til november 2020. Målingar utført 04.11.20 av Rådgivande Biologar viser at Samnangerfjorden har god restitusjonsevne i forhold til produksjonskapasitet på lokaliteten. · I dag er det etablert eit stålanlegg med 6 bur som ligg eit stykke frå og parallelt med land. Tombre ønskjer at det vert regulert areal dersom dei i framtida skal endre frå stålbur til plastringar. · Utsett av laks til hausten skal ha økologisk produksjon. Økologisk laks krev betre plass enn tradisjonell drift, og anlegget vil ha færre fisk enn tidlegare. · Tombre ønskjer å ha moglegheit for å kunne flytte flåten på lokaliteten til ein annan stad i AK området i framtida. Det er difor ønskjeleg at arealet mot land vert større. · Det er viktig for Tombre at fortøyingsareal vert sikra i planen. Det er lagt ved skisse på område dei meiner er nødvendig for fortøyingar i ein framtidig situasjon. · Arealinnspelet frå Tombre dekker anlegget slik det ligg i dag, samt mogleg framtidig situasjon. Innspelet ligg langs kvit sektor, og dei vurderer det som låg risiko ut frå båttrafikken i fjorden i dag. Større avstand mellom merdar vil gje mindre fisk per areal og såleis vil dette være positivt for miljøet under merdane. Arealet til akvakultur blir totalt sett mindre med nytt forslag.	Vidare planarbeid vil vurdere og belyse: · Det er for tidleg i planprogramfasen å stadfeste kva område som skal vidareførast, moglegheit for nye lokalitetar, type artar og type anlegg. Ein vil søke å jobbe fram ein plan som er fleksibel for næringa, men som samstundes tek i vare omsyna til miljøet. Korleis akvakulturområda vert regulert, for eksempel med moglegheit for avgrensing til art og ev. miljøkrav, vil bli avdekka i løpet av planarbeidet. Arealinnspela vil følgje saka, og vil verta utgreia som del av planforslaget. Fortøyingar skal sikrast som del av planframlegget.

Nord	Øst
60° 21.357'	5° 40.910'
60° 21.706'	5° 40.948'
60° 21.704'	5° 41.073'
60° 21.592'	5° 41.085'
60° 21.554'	5° 41.209'
60° 21.494'	5° 41.229'
60° 21.428'	5° 41.150'
60° 21.408'	5° 41.070'
60° 21.351'	5° 41.033'
60° 21.357'	5° 40.907'



Figur 2 forslag til areal med koordinatar

Nytt AK-område, forslag

- Tombre har sett på moglegheiter for nytt areal til akvakultur i Samnanger for produksjon av anadrom fisk. Dei spel inn eit nytt område ved Erevika, aust for Rolvsvågneset.

Eksisterande AK-område i kommuneplanen

- A03, vest for Nygård. Tombre sin erfaring er at denne lokaliteten kan være utsett for drivis med visse intervall. Opphavleg har dei tenkt at denne lokaliteten er lite aktuell å etablera seg på, men ser likevel at dette kan være ein lokalitet som kan brukast som avlastingslokalitet eller reservelokalitet dersom det er behov.
- A04, aust for Gaupholmen. Området ligg relativt langt inne i fjordsystemet, og avstand til nærmaste lokalitet er relativt liten. Tombre tenker at det er lite aktuelt for laks og aure i tradisjonell produksjon, men at området er likevel egna for andre eller nye driftsformer. Tombre foreslår at området blir halde av til for eksempel lukka merdar, blåskjel, eller nye artar.

Oppsummering av framlegg til endringar i planprogrammet:

1. På side 4 og 9 er namnet på Lakse- og innlandsfisklova korrigert.
2. På side 4 er kartet i figur 1 bytta ut med eit kart som ikkje syner delar av (gamle) Fusa sin arealplan, fordi denne var eit høyringsutkast og synte feilaktig eit stort akvakulturområde ved Børøya.
3. På side 5 er det lagt til ein innleiande tekst til opplistinga av dagens føresegner for akvakultur i arealplanen.
4. På side 9 og 10 er det lagt til fire avsnitt om regionale føringar, i tråd med innspel frå VLFK.
5. På side 11 er definisjonen av omgrepet «Merd» korrigert i tråd med gjeldande standardar, etter innspel frå Tombre.
6. På side 15 er avsnittet om anadrom fisk i Samnangerfjorden og tilknytte vassdrag oppdatert med meir informasjon om dagens status, etter innspel frå fleire høyringspartar.

Administrasjonen rår til å gjera vedtak av planprogram for kommunedelplan for akvakultur i sjø, med revisjonsdato 26.01.2021.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	**Arkivkode**:
Arkivsaksnr: 21/140	**Løpenr**: 21/1257
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	011/2021
Kommunestyret	25.02.2021	007/2021

Avtale Regionalt Digitaliseringsarbeid

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 011/2021 Vedtak:
Samnanger kommune sluttar seg til samarbeidet DigiVestland, og delegerer til rådmann å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid. Stipulert kostnad for 2021 på NOK 50 000 vil bli finansiert over disposisjonsfondet. Seinare års kostnader vil bli innarbeidde i budsjetta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune sluttar seg til samarbeidet DigiVestland, og delegerer til rådmann å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid. Stipulert kostnad for 2021 på NOK 50 000 vil bli finansiert over disposisjonsfondet. Seinare års kostnader vil bli innarbeidde i budsjetta.

Dokument som er vedlagt:
20201218 Referat styringsgruppemøte - utkast
Fordelingskostnader DigiVestland
Avtale Regionalt Digitaliseringsarbeid
Saksutgreiing Masfjorden kommune

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kva saka gjeld:
Saka gjeld samarbeid om digitalisering i Vestland. Vedlagde framlegg til avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid er sendt til handsaming i alle kommunar i Vestland.

Vurderingar og konsekvensar:
Digitaliseringsarbeidet i kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder skal i tida framover

legge grunnlaget for utvikling av samanhengande tenester til innbyggarar, frivillige organisasjonar og næringsliv. Dette krev samordning og samarbeid på nye og forpliktande måtar. Den nasjonale digitaliseringsstrategien «En digital offentlig sektor» adresserer behovet for forsterka innsats på digitaliseringsområdet.

Bakgrunnen for tiltaket er at dei oppgåvene som skal løysast, er dei same for alle kommunane. På eit tidspunkt såg ein at det ville vere føremålstenleg å løyse desse oppgåvene saman, i staden for kvar for seg eller i større eller mindre grupperingar.
DigiVestland skal setje kommunane i stand til å handtere og dra nytte av den digitale utviklinga. Sentralt for forståinga av prosjektet er at felles koordinering og innføring av nasjonale løysingar, skal føre til at løysingane raskt og effektiv kunne takast i bruk og gje gevinstar. Samarbeidet vil vere bindeledd mellom den enkelte kommune og den nasjonale styringsstrukturen på digitaliseringsområdet.

Det vil bli gjeve ytterlegare orientering i møtet. Sjå elles saksutgreiinga frå Masfjorden kommune, som er vedlagd.

Hittil har prosjektet vore delfinansiert av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen, medan kostnaden i det vidare vil bli finansiert av dei deltakande kommunane. Kostnaden for Samnanger kommune blir på NOK 149 700, noko som tilsvarar NOK 60 per innbyggjar. Det er uklart kor stor andel av kostnaden som fell på 2021, og beløpet i framlegg til vedtak er difor stipulert. I tillegg til dette kjem noko eigeninnsats ved gjennomføringa av prosjektet.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Harald Frøland	**Arkivkode**: FA-F47
Arkivsaksnr: 20/605	**Løpenr**: 21/1021
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	003/2021
Kommunestyret	25.02.2021	008/2021

Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Vedtaksframlegg frå Knut Harald Frøland, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune – framlegg til vedtak
Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune blir vedtatt, som ei prøveordning med varighet på 2 år, med følgjande vedtatte justeringar:

Samansetjing
Utgår: Alternativ 2.

Val
Utgår: Utvalet vert valt av kommunestyre første halvår 2021, og seinare kvart 4. år.
Tillegg: Utvalet vert valt av kommunestyre. Med varighet på 2 år blir følgjande fagpersonar valt:

- Pykologspesialist Heidi Wittrup Djup
- Daglig leder for Bedre Barnevern, Tor Monsen (tidl. barnevernleder i Røyken kommune)
- Advokat Gro Hillestad Thune
- Advokat Geir Kjell Andersland

Godtgjersle
Utgår: Lekmedlemmene får same møtegodtgjersle som kommunestyret og følger elles dei kommunale reglane for m.a. erstatning for tap av inntekt i «Forskrift om godtgjersle, dekking av utgifter, m.m. for folkevalde, Samnanger kommune».

Tillegg: **Finansiering**
For 2021 skal finansiering av barnevernsutvalet inngå i driftsbudsjett for barnevernet. For 2022 og dei eventuelt kommande åra skal finansiering av barnevernsutvalet inngå som sjølvstendig post i budsjett- og økonomiplan.

Tillegg: **Evaluering**

Barnevernsutvalet skal evaluerast etter 2 år.

Handsaming:
Ordførar Knut Harald Frøland sette fram framlegg til vedtak.

Det vart gjennomført punktvis røysting over kvart endringsforslag i ordføraren i framlegg:

Samansetjing:
Sju røysta for ordføraren sitt forslag om at alternativ 2 utgår og to røysta for at alternativ 1 utgår.

Alternativ 2 utgår	Alternativ 1 utgår
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Martin Haugen (Bl)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Gunn Totland Moss (Krf)	

Val:
Ordføraren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Godtgjersle:
Ordføraren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Finansiering:
Ordføraren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Evaluering:
Ordføraren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over heile framlegget til ordføraren, inkludert dei vedtekne endringspunkta.
Samrøystes vedteke.

FORM- 003/2021 Vedtak:
Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune blir vedtatt, som ei prøveordning med varighet på 2 år, med følgjande vedtatte justeringar:

Samansetjing
Utgår: Alternativ 2.

Val
Utgår: Utvalet vert valt av kommunestyre første halvår 2021, og seinare kvart 4. år.
Tillegg: Utvalet vert valt av kommunestyre. Med varighet på 2 år blir følgjande fagpersonar valt:

- Pykologspesialist Heidi Wittrup Djup
- Daglig leder for Bedre Barnevern, Tor Monsen (tidl. barnevernleder i Røyken kommune)
- Advokat Gro Hillestad Thune
- Advokat Geir Kjell Andersland

Godtgjersle

Utgår: Lekmedlemmene får same møtegodtgjersle som kommunestyret og følger elles dei kommunale reglane for m.a. erstatning for tap av inntekt i «Forskrift om godtgjersle, dekking av utgifter, m.m. for folkevalde, Samnanger kommune».

Tillegg: **Finansiering**
For 2021 skal finansiering av barnevernsutvalet inngå i driftsbudsjett for barnevernet. For 2022 og dei eventuelt kommande åra skal finansiering av barnevernsutvalet inngå som sjølvstendig post i budsjett- og økonomiplan.

Tillegg: **Evaluering**
Barnevernsutvalet skal evaluerast etter 2 år.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå ordførar.

Dokument som er vedlagt:
Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune
Vurdering mht gjeldande lov

Kva saka gjeld:
Kommunestyret i Samnanger gjorde 16.09.2020 følgjande vedtak:

«På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020 i sak 042/20 skal det etablerast nytt barnevern/familievern i Samnanger med verknad frå 01.06.2021. Til det førebuande arbeidet vert det sett ned eit arbeidsutval med følgjande medlemmer:

- Ordførar Knut Harald Frøland - leiar, Bygdalista
- Varaordførar Øyvind Røen - Sp
- Shirin Kvernes Khadoor - Ap
- Øyvind Strømmen - MDG
- Ingebjørg Vamråk - rådmann
- Venla Arponen Snilstveit, Kommunepsykolog, - utpeikt av rådmann
- Bodil Øpstebø, rådgjevar oppvekst Samnanger kommune - utpeikt av rådmann
- Oddrun Lemme, Tillitsvald Fagforbundet
- Anders Opsahl - politikontakt Samnanger kommune
- Kari Kallevik Hjartnes- Sekretær- utpeikt av rådmann

Det vert løyvd inntil 160.000 kroner til arbeidsutvalet sitt arbeid, med finansiering frå disposisjonsfondet.

Framlegg til modell for nytt barnevern/ familievern skal politisk handsamast av formannskap og kommunestyre.

Framlegg skal leggjast fram i formannskapsmøtet 12.11.2020.

Arbeid med rekruttering av tilsette til nytt barnevern/ familievern skal sjåast i lys av framdrift i arbeidsutvalet sitt arbeid.

Arbeidsutvalet v/ leiar rapporterer til formannskapet.

Nytt barnevern/ familievern skal inngå i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021. Dette må og omfatta eventuelle kostnader til kontorlokale.**»**

Vurderingar og konsekvensar:
Arbeidsutvalet har til saman hatt 7 møter. I tillegg har det vore fleire møter i redaksjonsnemnd som har bestått av Shirin Kvernes Khadoor, Bodil Øpstebø, Geir Kjell Andersland og Øyvind Røen. Øyvind Strømmen var og med i ein tidleg fase.

I tillegg til medlemmar av arbeidsutvalet har det i møta deltatt fagpersonar og representantar frå foreiningar. Desse er:

- Geir Kjell Andersland, advokat
- Tor Monsen, dagleg leiar Barnets beste
- NN, Barnet i sentrum
- NN, Barnet i sentrum
- Bjørn Thomassen, Barn-Samfunn-Trivsel
- Bettina Nordahl, Familiens hus, Osterøy kommune
- Judith van der Weele, van der Weele AS
- Magnar Gripsgård, Rett Hjelp AS
- Gro Hillestad Thune
- Thomas Johansen, Styreleiar, landsforeningen for barnevernsbarn
- Carolina Mercadal – ny barnevernsleiar i Samnanger kommune
- Tina Gerdts-Andresen, Forsker og Høgskulelektor, Høgskulen i Østfold

Arbeidsutvalet har ikkje røysta over innhald i dei vedlagte dokument. Dette betyr at det kan førekomme innhald som ikkje alle i arbeidsutvalet, fagpersonar og representantar frå foreiningar kan støtte.

Tina Gerdts-Andresen - Forsker og Høgskulelektor, Høgskulen i Østfold - ønskjer å vere med vidare med forsking på prosessen med å bygge opp nytt barnevern i Samnanger kommune.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Harald Frøland	**Arkivkode**: FA-F47
Arkivsaksnr: 20/605	**Løpenr**: 21/1020
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	002/2021
Kommunestyret	25.02.2021	009/2021

Mål og retningslinjer for barneverntenesta i Samnanger kommune

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Vedtaksframlegg frå Knut Harald Frøland, foreslått av Knut Harald Frøland, Bygdalista
Mål og retningslinjer for barnevernstenesta i Samnanger kommune – framlegg til vedtak

Mål og retningslinjer for barnevernstenesta i Samnanger kommune blir vedtatt med følgjande justeringar:
Tillegg: 5. Finansiering
Finansiering av tiltak i «Mål og retningslinjer for barnevernstenesta» skal inngå i driftsbudsjett for barnevernet.

Handsaming:
Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram framlegg om følgjande endring i ordlyden i avsnittet "Føremål" i mål og retningslinjer for barneverntenesta i Samnanger kommune:

- "Barnevernet skal hjelpa til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår,....." vert endra til "Barnevernet skal saman med andre kommunale tenester hjelpa til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår,.....".

Det vart røysta over ordføraren sitt framlegg, justert med endringsframlegget til Gunn Totland Moss.
Samrøystes vedteke.

FORM- 002/2021 Vedtak:
Mål og retningslinjer for barnevernstenesta i Samnanger kommune blir vedtatt med følgjande justeringar:
I avsnittet "Føremål" vert det gjort følgjande endring:

- "Barnevernet skal hjelpa til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår,....." vert endra til

"Barnevernet skal saman med andre kommunale tenester hjelpa til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår,.....".

Tillegg: 5. Finansiering
Finansiering av tiltak i «Mål og retningslinjer for barnevernstenesta» skal inngå i driftsbudsjett for barnevernet.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå ordførar.

Dokument som er vedlagt:
Mål og retningslinjer for barnevernstenesta i Samnanger kommune
Vurdering mht gjeldande lov

Kva saka gjeld:
Kommunestyret i Samnanger gjorde 16.09.2020 følgjande vedtak:

«På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 18.06.2020 i sak 042/20 skal det etablerast nytt barnevern/familievern i Samnanger med verknad frå 01.06.2021. Til det førebuande arbeidet vert det sett ned eit arbeidsutval med følgjande medlemmer:

- Ordførar Knut Harald Frøland - leiar, Bygdalista
- Varaordførar Øyvind Røen - Sp
- Shirin Kvernes Khadoor - Ap
- Øyvind Strømmen - MDG
- Ingebjørg Vamråk - rådmann
- Venla Arponen Snilstveit, Kommunepsykolog - utpeikt av rådmann
- Bodil Øpstebø, rådgjevar oppvekst Samnanger kommune - utpeikt av rådmann
- Oddrun Lemme, Tillitsvald Fagforbundet
- Anders Opsahl - politikontakt Samnanger kommune
- Kari Kallevik Hjartnes- Sekretær- utpeikt av rådmann

Det vert løyvd inntil 160.000 kroner til arbeidsutvalet sitt arbeid, med finansiering frå disposisjonsfondet.

Framlegg til modell for nytt barnevern/ familievern skal politisk handsamast av formannskap og kommunestyre.

Framlegg skal leggjast fram i formannskapsmøtet 12.11.2020.

Arbeid med rekruttering av tilsette til nytt barnevern/ familievern skal sjåast i lys av framdrift i arbeidsutvalet sitt arbeid.

Arbeidsutvalet v/ leiar rapporterer til formannskapet.

Nytt barnevern/ familievern skal inngå i rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2021. Dette må og omfatta eventuelle kostnader til kontorlokale.**»**

Vurdering og konsekvensar:
Arbeidsutvalet har til saman hatt 7 møter. I tillegg har det vore fleire møter i redaksjonsnemnd som har bestått av Shirin Kvernes Khadoor, Bodil Øpstebø, Geir Kjell Andersland og Øyvind Røen. Øyvind

Strømmen var og med i ein tidleg fase.

I tillegg til medlemmar av arbeidsutvalet har det i møta deltatt fagpersonar og representantar frå foreiningar. Desse er:

- Geir Kjell Andersland, advokat
- Tor Monsen, dagleg leiar Barnets beste
- NN, Barnet i sentrum
- NN, Barnet i sentrum
- Bjørn Thomassen, Barn-Samfunn-Trivsel
- Bettina Nordahl, Familiens hus, Osterøy kommune
- Judith van der Weele, van der Weele AS
- Magnar Gripsgård, Rett Hjelp AS
- Gro Hillestad Thune
- Thomas Johansen, Styreleiar, landsforeningen for barnevernsbarn
- Carolina Mercadal – ny barnevernsleiar i Samnanger kommune
- Tina Gerdts-Andresen, Forsker og Høgskulelektor, Høgskulen i Østfold

Arbeidsutvalet har ikkje røysta over innhald i dei vedlagte dokument. Dette betyr at det kan førekomme innhald som ikkje alle i arbeidsutvalet, fagpersonar og representantar frå foreiningar kan støtte.

Tina Gerdts-Andresen - Forsker og Høgskulelektor, Høgskulen i Østfold - ønskjer å vere med vidare med forsking på prosessen med å bygge opp nytt barnevern i Samnanger kommune.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	**Arkivkode**: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	**Løpenr**: 21/933
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	005/2021
Kommunestyret	25.02.2021	010/2021

Tilskot ekstraordinært kommunalt næringsfond 2.tildeling

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 005/2021 Vedtak:
Apex får tilskot på NOK 85.000 frå ekstraordinært næringsfond fordelt over 2 år

Ecotech Innovation AS vert bedt om å søkje på nytt til Samnanger kommune om tilskot til sirkulær industri i Børdalen når det ligg føre meir konkrete planar for at hovudprosjektet med Datasenter i Børdalen vert realisert.

H- Mekk as v/ Sindre Hjellanes og Ivar Berland as får avlag på søknad om tilskot frå ekstraordinært næringsfond om å sette opp næringsbygg for utleige. Tiltaket er i ikkje i tråd med forskift for ekstraordinært tilskot.

Bjørkheim Kro og Motell AS får NOK 100.000 frå ekstraordinært næringsfond i tilskot til kontaktfri servering.

Samnanger frivilligsentral får NOK 400.000 i tilskot til oppretting av bygdebutikken på Tysse. Tilskotet vert finansiert med NOK 223.768 frå ekstraordinært næringsfond og NOK 176.232 frå kommunen sitt ordinære næringsfond.

Søkjarar som får tildelt tilskot skal vera registrert med eige organisasjonsnummer før tilskot vert ubetalt. Tilskotet står ved lag i inntil to år etter tilsegn er gjeve og/eller er i tråd med rapportering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Apex får tilskot på NOK 85.000 frå ekstraordinært næringsfond fordelt over 2 år.

Ecotech Innovation AS vert bedt om å søkje på nytt til Samnanger kommune om tilskot til sirkulær industri i Børdalen når det ligg føre meir konkrete planar for at hovudprosjektet med Datasenter i Børdalen vert realisert.

H- Mekk as v/ Sindre Hjellanes og Ivar Berland as får avlag på søknad om tilskot frå ekstraordinært næringsfond om å sette opp næringsbygg for utleige. Tiltaket er i ikkje i tråd med forskift for ekstraordinært tilskot.

Bjørkheim Kro og Motell AS får NOK 100.000 frå ekstraordinært næringsfond i tilskot til kontaktfri servering.

Samnanger frivilligsentral får NOK 400.000 i tilskot til oppretting av bygdebutikken på Tysse. Tilskotet vert finansiert med NOK 223.768 frå ekstraordinært næringsfond og NOK 176.232 frå kommunen sitt ordinære næringsfond.

Søkjarar som får tildelt tilskot skal vera registrert med eige organisasjonsnummer før tilskot vert ubetalt. Tilskotet står ved lag i inntil to år etter tilsegn er gjeve og/eller er i tråd med rapportering.

Dokument som er vedlagt:
knf2014-2020-0021 -Apex ny arbeidsstasjon
knf2014-2020-0022 (1) - forprosjekt Sirkulær økonomi
sirkulær økonomi Børdalen Søknad om koronamidler november 2020 (3)
knf2014-2020-0020 - smittefri servering
Bjørkheim Kro og Motell AS Budsjett for ny disk - bilde og budsjett
knf2014-2021-0001-Næringsbygg
RF1350 Bygdebutikk Tysse
Vedlegg Bygdebutikk Tysse
Forskirft tilskot ekstraordinært næringsfond

Kva saka gjeld: Tildeling av tilskot frå ekstraordinært kommunalt næringsfond – Covid 19 midlar. Dette er 2. tildeling av midlane.

Bakgrunn for saka: Samnanger kommune fekk NOK 964.468 som kommunen kan tildele til bedriftsutvikling og investeringar. Ved 1. tildeling vart det løyvd NOK 555.700, og det står no att NOK **408.768** til 2. tildeling.

Fakta:
Tildeling og utbetaling er heimla i eiga forskift (vedlagt).

For tilskot til bedriftsutvikling kan samla støtte frå næringsfondet som hovudregel ikkje overstige 50% av kapitalbehovet. I prosjekt som svarar til særleg mange tiltak, kan det gjevast inntil 75% støtte. Dette inkluderer bruk av tilsvarande fond i andre kommunar for regionale prosjekt. Det er ikkje beløpsgrense for bedriftsutviklingstilskot.
I vurderinga av søknadane vert det særskilt lagt vekt på:

- I kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- I kor stor grad ein reknar med at tiltaket vil kunne motverke dei negative verknadane av covid-19- utbrotet.
- Kor raskt tiltaket kan setjast i gang.

Tilskotet skal hovudsakleg utbetalast etterskotsvis ved dokumentasjon av utgifter. Det kan verte gitt 15% av tilskotsummen på forskot, dersom det er nødvendig for oppstart av tiltaket.

Innkomne søknader:
Det er kome inn 5 søknader gjennom regionalforvaltning.no. Det er totalt søkt om NOK 1.268.000 i tilskot. Søknad om tilskot til næringsbygg og butikk på Tysse var komen inn etter søknadsfristen 15 januar. Desse er likevel teken med i vurderinga nedanfor.

Vurderingar og konsekvensar:
Søknad Apex auto - autorisert bilverkstad –Verksemda vart etablert i 2017 med 1 fast tilsett og no å ha 4 heiltids arbeidsplassar+ 2 deltidstilsette. Dei har og under utvikling ein mc/marin avdeling. Dei ønskjer no å utvide verksemda med endå ein arbeidsstasjon og auke opp endå med ein heiltidstilsett.

Arbeidsstasjonen har ein kostnad på totalt NOK 194.000. Apex søkjer om NOK 85.000 i tilskot samband med å etablere denne. Dette utgjer 43,8% av finansieringa.
Vi viser til vedlagt søknad for detaljer. Søknaden er i tråd med forskrifta som gjeld bedriftsutvikling.

Vurdering: Apex har i dag god økonomi og er ei verksemd med eit godt kundegrunnlag både i og utanfor Samnanger. Dei ønskjer og satse på lærlingar og er godkjent som lærlingbedrift. Ei vidareutvikling av verksemda med endå ein ny arbeidsstasjon vil rakst kunne gje effekt og auke sysselsettinga i verksemda. Det er både positivt og viktig å ha ein verkstad som tek reperasjonar av både bilar, MC, marine konstruksjonar/motorar.

Administrasjonen tilrår Apex tilskot på NOK 85.000 fordelt over 2 år.

Søknad Sirkulær industri i Børdalen - Søknaden om tilskot gjeld forprosjektmidlar for korleis utnytte overskotsvarmen i samband med Regn Datasenter.

Gozo AS er et selskap som utviklar ulike konserter, teknologiar og løysningar innan sirkulær økonomi. Saman med Novitech AS og Alvern Holding AS etablerer Gozo AS nå **Ecotech Innovation** AS, med adresse i Samnanger. Ecotech Innovation arbeider med å prosjektere og utvikle planer for et sirkulært industriområde i Børdalen.

I forprosjektet skal det verte gjort grunnleggande og nødvendige undersøkingar og førebuingar, for ei god og sunn utvikling for prosjektet. Dette vil vera dialog med grunneigarar, utarbeiding av plan for arealet, dialog med REGN Datacenters om spillvarme, dialog med leverandørar av utstyr samt dialog med marknaden for å jobbe mot å sikre avtalar på produkta som skal verte produsert.
Viser til vedlagt søknad inkl. vedlegg for detaljer. Forprosjektet er på totalt NOK 250.000 der det vert søkt om 50% i tilskot.

Vurdering: Sirkulær økonomi er eit spennande tema som kan gje framtidsretta og berekraftige næringar. Ecotech sitt ønskje om bruk av overskotsvarme frå datasenteret i Børdalen kan føre til at begge prosjekta i større grad kan verte realisert. Når vi gjev tilskot til forprosjekt tek vi og på oss ein risiko for at tiltaket ikkje kan verte gjennomført. Forprosjektet her har fleire spennande element som bør sjekkast ut og vi er positiv til prosjektet. Saman med Regn datasenter kan det gje fleire arbeidsplassar og moglegheit til å etablera ein sirkulær industripark. Det er likevel usikkerheit knytt til når datasenteret vert realisert og tidsperspektivet for når Ecotech kan ta i bruk overskotsvarmen til sitt prosjekt. Vi tilrår difor å utsette handsaminga av tilskot til Ecotech, til etablering av datasenter er meir konkret eller tidfesta, og det er større sikkerheit for at hovudprosjektet vert realisert. Ecotech kan då søkje tilskot på nytt frå kommunen sitt ordinært næringsfond.

Søknad om kontaktfri servering - Bjørkheim Kro og Motell AS søkjer om tilskot til å innføre kontaktfri servering. Covid-19 gir serveringsbransjen utfordringar mhp. distansering. Vi har innført moglege avstandstiltak. For å kunne oppretthalde krav om distansering, og samtidig ha en levedyktig drift, må vi bygge om bestillings- og serveringsdiskar. Tiltaket er finansiert til NOK 600.000 der det er søkt om

NOK 250.000 i tilskot. Tiltaket er gjennomført.

Vurdering: Investeringa er begrunna som nødvendig for å gjennomføra framtidig smittefri servering. Tiltaket kan avgrense negativ verknad av Covid-smitte og vera med å oppretthalde sysselsettinga i verksemda. Tiltaket er allereie gjennomført, noko som gjer at verksemda i stor grad kan ha tilnærma normal aktivitet under pandemien. Investeringa fører til ei vesentleg verdiauke for verksemda (bygget), som bør trekkast i frå grunnlaget for søknad om tilskot. Det er dermed ikkje grunnlag få å gje full stønad.

Vi tilrår å gje eit redusert tilskot på NOK 100.000, - .

Søknad om oppsetting av næringsbygg for utleige - H- Mekk as v/ Sindre Hjellanes og Ivar Berland as v/ Ivar Berland søkjer om tilskot til å sette opp næringsbygg for vidare utleige i Rolvsvåg.
Bygget vil ha ei grunnflate på 18 x 55 meter (990m2) og er planlagt for å kunna delast i inntil 5 seksjonar a 198 m2. Bakgrunnen for ideen med bygget er å kunna leiga ut næringslokale til verksemda som er etablert i Samnanger eller som ynskjer å etablera næring i kommunen. Dei meiner det ikkje ledige næringslokale i Samnanger som eignar seg til lager, handverk eller industri.
Kostanden bygget er på 6.5 mill. NOK der dei søkjer om eit tilskot på NOK 400.000.

Vurdering: Tiltaket er ikkje i hht forskifta for ekstraordinært næringstilskot mhp auka sysselsetting eller kan gje effekt med å komme rask i gang. Den vert difor avslått. Det vert opptil formannskapet å vurdera om dei kan søkje kommunen sitt ordinære næringsfond til neste aprilmøte i formannskapet.

Søknad om oppretting av bygdebutikken på Tysse – Samnanger frivilligsentral søkjer om tilskot til oppstart av ny matbutikk Tysse. Konseptet er ein sjølvbetent butikk der folk kan handle når dei ønskjer. Dei vil og bruke frivillige i tillegg til ein dagleg leiar. Overskotet skal gå til å utvikle Tysse. Sjølve butikken er på 60 m2 og skal vera sjølvbetent, og verte utvikla som ein kafé/møteplass på Tysse. Totalkostnad for prosjektet er sett til NOK 1.614.692 der dei søkjer om NOK 400.000 i tilskot til oppgradering og sølvbetent system mm frå ekstraordinært næringsfond. Vi viser til vedlagt søknad.

Vurdering: Tiltaket kan kome raskt i gang og gjev sysselsetting på ca. eit årsverk i tillegg til frivillig arbeidskraft. Det kan gje god lokalsamfunnsutvikling både på kort og lang sikt. Vi tilrår NOK 400.000 i tilskot til prosjektet. Det står att NOK 223.768 på ekstraordinært næringsfond. Resten på NOK 176.232 vert dekka frå kommunen sitt eige ordinære næringsfond.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Kristoffer Kleiveland	**Arkivkode**: FA-K11
Arkivsaksnr: 19/889	**Løpenr**: 21/544
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	006/2021
Kommunestyret	25.02.2021	011/2021

Plan for friluftlivets ferdselsårer

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 006/2021 Vedtak:
Oppstart av planarbeidet vert teke til etteretning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Oppstart av planarbeidet vert teke til etteretning.

Dokument som er vedlagt:
Miljødirektoratet sin vegleiar for Plan for friluftlivets ferdselsårer (M-1292)

Kva saka gjeld:
I 2019 fekk kommunen tilsagn på søknad om utarbeiding og iverksetting av «Plan for friluftlivets ferdselsårer». Tilskottet frå fylkeskommunen er på kr 185 000. Arbeidet med dette skulle vore sett i gong i løpet av 2020, men vart grunna korona utsett til 2021.

Vurderingar og konsekvensar:

Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv- Natur som kjelde til helse og livskvalitet* legg stor vekt på å ivareta og utvikla moglegheitene for å utøva friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle har moglegheit til å vera fysisk aktive og oppleva natur i kvardagen. Samnanger Kommune har allereie fleire populære turstiar som er godt brukt og skilta. Gjennom dette prosjektet vil ei prosjektgruppe beståande av representantar frå frivilljuge lag og organisasjonar saman med kulturkonsulent og leiar for kultur, kartlegga no status for eksisterande stiar og planlegge vidare utvikling av desse. Utover dette vil me også benytta oss av kompetansen til Bergen og Omland Friluftsråd for å gjera eit digitaliseringsarbeid av turkarta og legge dette inn i Nasjonal database for tur- og friluftsruter for å gjera karta lett tilgjengeleg for både kommunen sine innbyggjarar og andre tilreisande turgåarar (t.d norgeskart.no,

ut.no osv).

Gjennom dette arbeidet vil me utarbeide ein temaplan for for Friluftlivets Fredselsårer i Samnanger Kommune. Denne planen vil bestå av tre hovuddelar: Ein beskriving av planen, tiltaksdel samt eit temakart som viser eksisterande og foreslåtte ferdselsårer, turruter og målpunkt. Denne planen vil bli rettleiande for framtidig utvikling og bruk av turstiar og ferdselsårer i komunen, og vil vera eit naturleg tilskott til «Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2024».

Ein studie utført av NINA (Norsk instiutt for naturforsking) viser at skilting og merking av turstiar er gode tiltak som føre til auka bruk.

Konsekvensar:

- Temaplan for Friluftlivets Ferdselsårer skal forankrast i kommunen sitt planverk som ein del av «Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivet og friluftsliv»
- Gjera Samnanger Kommune til eit meir synleg mål for fotturistar
- Gjera turstiane og friluftsområda lettare tilgjengeleg for uerfarne brukarar
- Bidra til auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse
- Gjera Samnanger til ein attraktiv plass og busettja seg samt reise til
- Eit betre aktivitetstilbod med variert tilrettelegging for alle heile året
- Tilrettelegge for rørslehemma og universell utforming av nokre ruter
- Skapa nettverk med frivilljuge lag og organisasjonar som skal bidra i prosjektet
- Auka tilgong og kunnskap om kulturminne i kommunen

Budsjett :

Utgifter:

Kjøp av skilt: kr 200 000
Materiell: kr 30 000
Partnarskapsavtalar med lag og organsiasjonar for turstiar: kr 60 000
Bergen og Omland Friluftsråd: kr 30 000
Konsulent: kr 50 000

Total: kr 370 000

Inntekter:

Stønad frå Fylkeskommunen: kr 185 000
Bruk av fondskonto friluftprosjekt som ikkje vart nytta i 2020: kr 31 000
Bruk av fondskonto internasjonal skilting som ikkje vart nytta i 2020: kr 6000
Driftbudsjettet til Miljø og friluftstiltak: kr 98 000
Administrasjon (bruk av administrative ressursar): kr 50 000

Total: kr 370 000

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	**Arkivkode**: FA-D35
Arkivsaksnr: 21/103	**Løpenr**: 21/961
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	007/2021
Kommunestyret	25.02.2021	012/2021

Opprusting og tilrettlegging av leikeplass i Bjørkhaugen Finansiering

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 007/2021 Vedtak:
Samnanger kommune ruster opp leikeplassen i Bjørkhaugen i tråd med prisoverslaget. Det vert inngått avtale med velforeininga om framtidig drift og vedlikehald, samt investering i leikeapparat og drift av desse.
Budsjettet til teknisk drift vert styrka med for inntil 95.000 eksl. mva. Tiltaket vert finansiert frå disposisjonsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune ruster opp leikeplassen i Bjørkhaugen i tråd med prisoverslaget. Det vert inngått avtale med velforeininga om framtidig drift og vedlikehald, samt investering i leikeapparat og drift av desse.
Budsjettet til teknisk drift vert styrka med for inntil 95.000 eksl. mva. Tiltaket vert finansiert frå disposisjonsfondet.

Kva saka gjeld: Det er ønskje om å ruste opp og legge til rette leikeplassen i Bjørkhaugen. Tiltaket må finansierast.

Vurderingar og konsekvensar:
Det har vore fleire henvendelser frå publikum ang uteområdet/ tidlegare leikeplass Bjørkhaugen. Området er eigd av kommunen, og teknisk drift har henta inn eit prisoverslag på utbetring av området. Dersom noko skal gjerast må kommunestyret løyva ekstra midlar til utbetringa.

Forslaget frå teknisk drift er at kommunen utbetrar arealet og lar let velforeininga i Bjørkhaugen (skal

stiftast) disponera plassen og ta ansvar for innkjøp og vedlikehald av ev leikeapparat. Det må inngåast avtale om dette. Vi ser og at fleire andre leikeplassar og kan trenge opprusting og forslår at det vert vurdert å opprette td tilskotsordning underkulturmidlar til dette i neste økonomiplan.

Fylgjande ligg i pris:
Planering / fjerning av jord frå plassen ca 700 m2 med duk (delvis) og nytt toppdekke i grus. Overvatn må handterast med grøft rundt delar av plassen og overvasskum som leiar vatnet vidare under vegen. Det ligg både kommunal og privat VA i området som er teke omsyn til.

Kostnad for dette arbeidet vil vera 95 000 eks mva. Tiltaket finansierast frå disposisjonsfondet.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	**Arkivkode**: FA-F06
Arkivsaksnr: 18/534	**Løpenr**: 21/1005
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	009/2021
Kommunestyret	25.02.2021	013/2021

Førespurnad om auka eigenkapital Hardanger AKS

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 009/2021 Vedtak:
Samnanger kommune skyt inn ny eigenkapital i Hardanger AKS, tilsvarande kommunen sin eigarandel på 10,3 %, med NOK 700.000. Beløpet vert finansiert over disposisjonsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune skyt inn ny eigenkapital i Hardanger AKS, tilsvarande kommunen sin eigarandel på 10,3 %, med NOK 700.000. Beløpet vert finansiert over disposisjonsfondet.

Dokument som er vedlagt:
VLKF saksutgreiing
Saksutgreiing Kvam Herad
Vedtak VLFK

Kva saka gjeld:
Hardanger AKS as driv med attføring/sysselsetjing av yrkeshemma. Samnanger kommune har per i dag fem brukarar ved Hardanger AKS. Samnanger kommune er no spurd om å bidra med frisk eigenkapital til Hardanger AKS, på grunn av at Hardanger AKS har opparbeidd seg uhandterleg gjeld som følgje av underskot over tid. Samnanger kommune sin eigarandel i Hardanger AKS er 10,3 %.

Vedlagt følgjer ei grundig saksutgreiing frå Kvam herad og frå Vestland Fylkeskommune si handsaming av same problemstilling. Frå førstnemnde vert hitsett:

«Med tanke på posisjonen verksemda har i Kvam Herad, og dei positive endringane som er gjort i drifta, meiner rådmannen at kommunen må ta ansvar som eigar for den situasjonen verksemda er i, og skyta inn ny eigenkapital. Ut frå kravet i innstillinga til fylkesrådmannen, meiner rådmannen at

Kvam herad bør gå inn med inntil 3,4 mill.kr (avrunda opp til næraste kr 100.000). Dersom Samnanger kommune gjer tilsvarande og går inn med kr 700.000, vert det ein total auke i aksjekapitalen på 6,8 mill.kr.» Sjå òg tabell, frå same stad:

Eigar	Andel no	Auke EK-innskot	Andel no	Andel i høve VFK	Framlegg andel	Framlegg innskot
Kvam herad	48,2	3 374 000	48,2	3 354 124	50,0 %	3 400 000
Vestland fylkeskommune	38,8	2 716 000	38,8	2 700 000	39,7 %	2 700 000
Samnanger kommune	9,6	672 000	9,6	668 041	10,3 %	700 000
NFPU	3,4	238 000	3,4			
Sum	**100**	**7 000 000**	**100**	**6 722 165**	**100,0 %**	**6 800 000**

Vurderingar og konsekvensar:
Samnanger kommune har behov for den type tenester som Hardanger AKS tilbyr. Kommunen kunne, under visse føresetnader, ha løyst oppgåvene sjølv, men det ville vere krevjande å få til eit tilbod som gjev tilfredsstillande kvalitet og stabilitet over tid. Per i dag har Samnanger kommune 5 brukarar, 2 med følgje frå Samnanger kommune og 1 med betalt bistand Hardanger AKS.

Samnanger kommune har i 2020 kjøpt tenester for kr 384 224. I tillegg stiller Samnanger sjølv med følgje for to av brukarane som har tenester frå Hardanger AKS.

Dette er ei sak der det er vanskeleg å vurdere om det er rett å skyte inn frisk kapital eller ikkje. Sjå vurderinga frå Kvam herad, som har gått grundig inn i desse problemstillingane.

Samnanger har valt å vente med å ta stilling til spørsmål til ein ser kva dei to store eigarane gjer. Ettersom dei to store eigarane i Hardanger AKS har valt å skyte inn ny eigenkapital, vil det vere naturleg at Samnanger konkluderer med det same. Om ikkje Samnanger stiller med sin andel, er det sannsynleg at verksemda går konkurs, då det er ein føresetnad frå dei andre eigarane at Samnanger gjer tilsvarande kapitaltilførsel.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	**Arkivkode**: FE-044
Arkivsaksnr: 18/1787	**Løpenr**: 21/941
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	008/2021
Kommunestyret	25.02.2021	014/2021

Vedtak av delegeringsreglement for Samnanger kommune - ny handsaming

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmann Ingebjørg Vamråk orienterte innleiingsvis om at ein tabell har falle ut av saksutgreiinga som ligg i tilleggsinnkallinga til møtet, men at tabellen er med i den versjonen av saksframlegget som ligg under SAKER i Møteportalen. Tabellen inneheld oversikt over kva endringar administrasjonen foreslår i forhold til kommunen sitt noverande delegeringsreglement.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 008/2021 Vedtak:
Rådmannen sitt framlegg til nytt delegeringsreglement som vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020 vert vedteke med følgjande endring:

- Samnanger kommune sitt delegeringsreglement punkt 6.5 og 18.4 vert endra slik at både formannskapet og rådmannen har mynde etter smittervernlova. Rådmannen får fullmakt til å innarbeida denne endringa i reglementet.

Reglementet trer i kraft med verknad frå 01.03.2021. Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 5-14.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Rådmannen sitt framlegg til nytt delegeringsreglement som vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020 vert vedteke med følgjande endring:

- Samnanger kommune sitt delegeringsreglement punkt 6.5 og 18.4 vert endra slik at både formannskapet og rådmannen har mynde etter smittervernlova. Rådmannen får fullmakt til

å innarbeida denne endringa i reglementet.

Reglementet trer i kraft med verknad frå 01.03.2021. Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 5-14.

Dokument som er vedlagt:
Administrasjonen sitt forslag til endringar
Kopi av notat datert 02.12.2020 om delegeringar etter smittevernlova
Framlegg til nytt delegeringsreglement

Dokument som ikkje er vedlagt:
- Kommunelova (https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83)
- Smittevernlova (https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1994-08-05-55)
- Gjeldande delegeringsreglement for Samnanger kommune (https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=67&FilId=1017)

Kva saka gjeld:

Saksgang før november/desember 2020
Etter § 5-14 i kommunelova skal kommunestyret fastsetja eit reglement for korleis vedtaksmynde og innstillingsrett skal delegerast. Dette skal gjerast innan 31. desember året etter at kommunestyret vart konstituert.

Det noverande delegeringsreglementet til Samnanger kommune vart vedteke av kommunestyret 14.06.2018 (sak 025/2018). Delar av reglementet vart revidert av kommunestyret 03.06.2019 (sak 029/2019). Kommunestyret vedtok òg nokre mindre justeringar i reglementet 05.03.2020.

Kommunestyret vedtok 20.02.2020 (sak 006/2020) å gje rådmannen ansvar for å utarbeida framlegg til revidert delegeringsreglement, og at framlegget skal leggjast fram til politisk behandling i formannskapet og kommunestyret innan 31.12.2020. Det vart òg vedteke at formannskapet skal vera styringsgruppe for arbeidet.

Formannskapet vedtok 03.09.2020 (sak 029/2020) prosess-/framdriftsplan for arbeidet. I formannskapsmøtet 15.10.2020 la administrasjonen fram eit notat med førebels utkast til endringar i delegeringsreglementet. Dette notatet dannar grunnlag for administrasjonen sitt framlegg til revidert delegeringsreglement som vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020.

Handsaming i formannskapet 12.11.2020 og kommunestyret 03.12.2020
Framlegg til nytt delegeringsreglement for Samnanger kommune vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020 og kommunestyret 03.12.2020.

Tilråding frå formannskapet 12.11.2020 (sak 049/2020):
- *Framlegget til delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet trer i kraft 04.12.2020.*

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 5-14. Formannsskapet ber om ein

ytterlegare gjennomgang av delegering når det gjeld smittevernlova før saka vert handsama i kommunestyret.

Til kommunestyret si handsaming 03.12.2020 utarbeidde administrasjonen eit notat om delegering av mynde etter smittevernlova. Notatet, som er datert 02.12.2020, vart lagt fram i kommunestyret 03.12.2020. Kopi av notatet følgjer vedlagt.

Vedtak i kommunestyret 03.12.2020 (sak 093/2020):

- *Saka vert utsett. Saka kjem opp til ny handsaming i første møte i formannskapet og kommunestyret i 2021.*

Kvifor utsette kommunestyret saka 03.12.2020?

Bakgrunnen for at kommunestyret utsette saka 03.12.2020, var slik administrasjonen forstår det ønske om ytterlegare gjennomgang av reglar for delegering av mynde etter smittevernlova. På bakgrunn av dette, har administrasjonen no utarbeidd eit eige avsnitt om dette i saksutgreiinga («*Nye saksopplysningar etter kommunestyret si handsaming 03.12.2020*»). Dette kapitlet følgjer nedanfor. Resten av saksutgreiinga er i hovudsak identisk med saksutgreiinga som vart lagt fram for kommunestyret 03.12.2020. Endringar er merka med grøn skrift.

Nye saksopplysningar og vurderingar etter kommunestyret si handsaming 03.12.2020 - gjeld delegeringar etter smittevernlova

I kommunen sitt noverande delegeringsreglement står det følgjande om kva mynde etter smittevernlova kommunestyret har delegert til andre:

- ***Formannskapet (punkt 6.4.13)***. Kommunestyret har i dette punktet delegert til formannskapet å gjera vedtak i saker etter smittevernlova, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til rådmannen.
- ***Rådmannen (punkt 18.4.31).*** Kommunestyret har i dette punktet delegert til rådmannen å gjera vedtak i saker etter smittevernlova, så langt lova m/føresegner gir høve til å delegera mynde frå politiske organ til rådmannen og så langt mynde ikkje er delegert til andre.

I rådmannen sitt saksframlegg til formannskapet 12.11.2020 vart det ikkje foreslått endringar i punkt 6.4.13 eller 18.4.31. Ei utfordring med desse to punkta er at det er vanskeleg å vita konkret kva mynde etter smittevernlova som er delegert til høvesvis formannskapet og rådmannen, og korleis ansvarfordelinga mellom formannskapet og rådmannen skal vera. Tilsvarande problem gjeld også for nokre andre punkt i delegeringsreglementet, men desse punkta går ikkje på smittevernlova.

I notat til kommunestyremøtet 03.12.2020 la rådmannen fram følgjande framlegg til endringar vedrørande smittevernlova i forhold til vedtaksframlegget i saka som vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020:

- Ta vekk punkt 6.5.13 (punkt 6.4.13 i det noverande delegeringsreglementet), slik at formannskapet ikkje lenger har mynde til å treffa vedtak etter smittevernlova.
- Setja inn eit nytt punkt i delegeringsreglementet (som erstatning for punkt 18.4.31), om delegering til rådmannen av mynde etter smittervernlova: «*Rådmannen får fullmakt til å gjera vedak i hastesaker av ikkje-prinsipiell karakter. I tvilstilfelle må rådmannen rådføra seg med ordføraren for å avklara om hastesaka er av prinsipiell karakter*.».

I notatet som administrasjonen la fram for kommunestyret 03.12.2020 vart det gjort greie for generelle reglar for delegering, samt særskilte reglar som gjeld for smittevernlova. Generelt ligg mynde etter smittevernlova til kommunestyret, men kommunestyret har høve til å delegera mynde i samsvar med generell delegeringslære. I tillegg er det ein eige bestemmelse i smittevernlova (§ 4-1 femte ledd) om at kommunelegen i hastesaker kan utøva det myndet kommunestyret har etter § 4-1 i lova («*Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesanering*»).

I kommunen sitt noverande delegeringsreglement er formannskapet i punkt 6.3 gitt eit generelt «hastemynde» til å treffa vedtak i saker som normalt skulle vore avgjort av kommunestyret, i dei høve det er nødvendig å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyret. I framlegget til nytt delegeringsreglement er dette punktet foreslått vidareført. Formannskapet sitt hastemynde vil mellom anna kunne brukast i saker etter smittevernlova.

I kommunen sitt noverande delegeringsregelement går det i punkt 16.1.l fram at ordføraren har formannskapet sitt avgjerdsmynde ved lengre opphald i møteverksemda til formannskapet, når saka hastar eller det ikkje vert vurdert som naudsynt å kalla inn formannskapet. Administrasjonen antar at dette myndet vil kunne brukast i saker etter smittevernlova, dersom saka hastar så mykje at det ikkje er tid til å kalla inn formannskapet. Dette punktet er foreslått vidareført i framlegget til nytt delegeringsreglement (punkt 16.1.k).

Kommunen si kriseleiing har i punkt 14.2 i det noverande delegeringsreglementet fått fullmakt til å setja i verk naudsynte tiltak for å avhjelpa ei oppstått akutt krise. Dette punktet er foreslått vidareført i framlegget til nytt delegeringsreglement. I framlegget til nytt delegeringsrgelement er det også foreslått ei presisering om at ved usemje er det ordføraren som har avgjerdsmynde i kriseleiinga.

Administrasjonen meiner det ikkje vil vera føremålstenleg dersom rådmannen ikkje skal ha delegert noko mynde etter smittervernlova. Som nemnt ovanfor er mynde til å treffa vedtak etter smittevernlova i dag delegert til formannskapet og rådmannen, men slik at det for begge er eit vilkår at tilsvarande mynde ikkje er delegert til andre, sjå punkta 6.5 og 18.4 i det noverande delegeringsreglementet. Rådmannen vil no foreslå at dette vert endra slik at det vert klart at mynde ligg både hos formannskapet og rådmannen. Bakgrunnen for dette er som følgjer:

- Når kommunen gjer vedtak etter smittevernlova, er det både materielle og prosessuelle krav som må oppfyllast. Til dømes skal tiltak grunngjevast, smittevernoverlegen skal gjera ei medisinskfagleg vurdering, og det skal gjerast ei forholdsmessighetsvurdering. Der tiltaka er inngripande må situasjonen jamleg vurderast på nytt.
- Dei siste månadene har desse vurderingane vore gjort av rådmannen og smittevernoverlegen i fellesskap. Ordføraren vert halden løpande orientert.
- Ved å delegera mynde til rådmannen kan det løpande arbeidet framleis løysast slik det har vorte løyst den siste tida. Det er viktig å vera merksam på at eit slik vedtak om delegering av mynde ikkje inneber at politisk leiing ikkje lenger har mynde etter smittevernlova. Kommunestyret eller formannskapet (etter fullmakt) kan sjølv treffa vedtak i saka. Delegering av mynde kan alltid trekkjast tilbake, både generelt og i enkeltsaker. Etter alminneleg lære har politisk leiing mynde til å omgjera vedtak, dersom det skulle vera ønskeleg, og kommunestyret kan når som helst be om at saka vert løfta til politisk handsaming.

Administrasjonen viser elles til det vedlagte notatet datert 02.12.2020.

Om framlegget til revidert delegeringsreglement

Delegeringsreglementet skal visa delegering ned til og med rådmannsnivået. Vidaredelegering av rådmannen sitt mynde er ikkje ein del av delegeringsreglementet som kommunestyret vedtek.

I saksutgreiinga til kommunestyremøtet 20.02.2020 går det fram at administrasjonen meiner det neppe er behov for å gjera store endringar i delegeringsreglementet. Bakgrunnen for dette er at det er relativt kort tid sidan det noverande reglementet vart utarbeidd og vedteke (i 2018), og at det no truleg mest vil vera behov for å gjera suppleringar/justeringar. Dette har òg vore utgangspunktet for administrasjonen sitt arbeid med framlegget til revidert reglement.

Dei endringane som administrasjonen foreslår i forhold til det noverande delegeringsreglementet, er primært følgjande:

Retta opp/justera reglementet på område der det har vist seg at reglementet er mangefullt eller utydeleg.

Ajourføring av punkt i reglementet som følgje av andre kommunestyrevedtak, endringar i andre kommunale reglement, etc.

Gjennomgang av administrasjonen sitt framlegg

Nedanfor følgjer ei oversikt med nærmare informasjon om kva endringar administrasjonen foreslår i forhold til det noverande delegeringsreglementet. Endringar av rein redaksjonell karakter (for eksempel endringar som følgje av organisasjonsendringar eller kommunesamanslåingar) er ikkje med i oversikta.

Andre vurderingar og konsekvensar:

Delegeringsreglementet er eit sentralt dokument for kommunen, som skal gje oversikt over kva mynde som ligg til kommunestyret og kva mynde kommunestyret har delegert til andre organ eller til rådmannen. Det vil vera eit veldig omfattande arbeid å utarbeida eit delegeringsreglement som gir detaljert oversikt over alt mynde som kommunestyret har delegert til andre, og kven myndet er delegert til. Kommunen si verksemd er regulert av svært mange lover og føresegner, og verken det noverande delegeringsreglementet eller framlegget til nytt reglement gir detaljert oversikt over delegeringar etter alle aktuelle lover/føresegner. Dersom det skal utarbeidast eit så detaljert reglement, må det truleg setjast av prosjektmidlar til dette i ein periode (til ei prosjektstilling/tilsvarande).

Det er ein grunnleggjande "svakheit" i kommunen sitt delegeringsreglement. Dette går på at generelt mynde etter ein del lover er delegert frå kommunestyret til både formannskapet (pkt. 6.5) og rådmannen (pkt 18.4), utan at det er presisert konkret korleis delegeringa er fordelt mellom formannskapet og rådmannen. Dette gjer at det kan oppstå tvil om det er formannskapet eller rådmannen som har avgjerdsmynde dersom det skal gjerast vedtak etter desse lovene. Dette er ein "svakheit" som har eksistert i kommunen sitt delegeringsreglement i mange år. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til utarbeida forslag som løyser dette, men det vil kunne sjåast på ved ein eventuell revisjon av delegeringsreglementet i 2021 eller 2022.

Detaljeringsgraden i administrasjonen sitt framlegg til revidert delegeringsreglement, er den same i som i det noverande reglementet. Denne detaljeringsgraden har i hovudsak vist seg å vera tilstrekkeleg, sjølv om det kan oppstå tilfelle der det er tvil om kva organ i kommunen som har avgjerdsmynde (sjå avsnittet ovanfor). I saker der det er tvil om kva organ i kommunen som har avgjerdsmynde, kan dette om nødvendig avklarast av kommunestyret. Det vil òg vera mogleg å revidera/rullera delegeringsreglementet på nytt i 2021 eller 2022, dersom det er behov for dette.

Punkt 5.3 i delegeringsreglementet (barnevernssamarabeid med Bergen kommune), vil verta

teke ut av reglementet når barnevernstenesta vert tilbakeført til Samnanger kommune i 2021.

Det er behov for å sjå nærare på kommunen sine reglar for kjøp og sal av eigedommar og inngåing av leigekontrakter, inkludert kva mynde som skal liggja til høvesvis politisk nivå og rådmannen. Administrasjonen foreslår at dette vert gjort som ei eiga sak i 2021. Det kan då eventuelt verta aktuelt med eit eige reglement på dette området. I framlegget til revidert delegeringsreglement er det i denne omgangen berre foreslått å gje nokre fullmakter til rådmannen. Dette er fullmakter som administrasjonen meiner det er viktig å få på plass raskt.

Vedlegget med framlegg til nytt delegeringsreglement som ligg ved saka, er av praktiske årsaker ikkje endra etter handsaminga i formannskapet 12.11.2020 og kommunestyret 03.12.2020. Det er dette vedlegget som i rådmannen sitt vedtaksframlegg er omtalt som "*Rådmannen sitt framlegg til nytt delegeringsreglement som vart lagt fram for formannskapet 12.11.2020*".

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	**Arkivkode**: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 20/222	**Løpenr**: 21/1409
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	015/2021

Ekstra midlar til kontrollutvalet i Samnanger kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:
Kontrollutvalet får tildelt kr. 144.000,- i ekstra midlar til kontrollarbeid i Samnanger kommune 2021.
Ekstra midlar til kontrollutvalet vert løyvd frå disposisjonsfondet.

Dokument som er vedlagt:
Sak til kommunestyret - ekstra midler til kontrollutvalet i Samnanger kommune 2021
Vedlegg til sak til kommunestyret - ekstra midler til kontrollutvalet i Samnanger kommune 2021
E-post

Kva saka gjeld:
Sekretariatet til kontrollutvalet brukar eit anna saksbehandlingssystem enn Samnanger kommune.
Sakspapira frå kontrollutvalet ligg difor vedlagt.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	**Arkivkode**: FE-033, TI-&17
Arkivsaksnr: 20/222	**Løpenr**: 21/1235
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	016/2021

Årsmelding 2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Samnanger kommune.

Dokument som er vedlagt:
Samnanger - partsbrev etter kontrollutvalet si behandling av PS 3-21 - Årsmelding 2020 for kontrollutvalt i Samnanger kommune
Partsbrev PS 3-21 - vedlegg - Årsmelding 2020 - kontrollutvalet i Samnanger kommune
E- post: Samnanger - partsbrev etter kontrollutvalet si behandling av PS 3-21 - Årsmelding 2020 for kontrollutvalt i Samnanger kommune

Kva saka gjeld:
Sekreteriatet til kontrollutvalet brukar eit anna saksbehandlingssystem enn Samnanger kommune. Sakspapira frå kontrollutvalet ligg difor vedlagt.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	**Arkivkode**:
Arkivsaksnr: 21/151	**Løpenr**: 21/1429
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	017/2021

Veg og gangsti Hagabotnane - drøfting av alternativ

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka blir lagd fram utan framlegg til vedtak.

Dokument som er vedlagt:
Silingsrapport 230119 - Veg Hagabotnane
Kommentarar frå landbrukskontoret til silingsrapport veg Hagabotnane
Vedtak i naturutvalet 09.02.2021 i sak 004-2021

Dokument som ikkje er vedlagt:
Budsjett 2021
Sak 004/2021 i naturutvalet 9 februar. Sjå lenkje:
https://innsyn.sing.no/Samnanger/Innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021000943&.

Kva saka gjeld:
Det blei gjort følgjande vedtak i kommunestyret sitt budsjettmøte 3. desember 2020: «Det vert sett av 20.000 kroner til å henta inn totalentreprisetilbod på tofelts bilveg frå Fv 136 til idrettsanlegget i Hagabotnane. Tilbodet skal innehalda reguleringsplan og bygging av vegen i samsvar med rekkefølgje-krav gitt i kommuneplanen sin arealdel. Billegaste anbodskriterier vert billegaste anbod. Midlane vert tekne frå - midlar sett av til veg til Hagabotnane (Monstermastpengane).»

Samstundes har det i fleire årsbudsjett vore avsett kr 500 000 (u/mva) til gangsti til idrettsanlegget i Hagabotnane.

Vurderingar og konsekvensar:
Begge desse prosjekta må gjerast gjenstand for konkurranseutsetjing/leggjast ut på anbod. Etter politisk handsaming i naturutvalet 9. februar 2021 av traséval gangsti, samt uttaler i formannskapet 11. februar om same tema, har ordføraren bede om at tema veg og gangsti blir sette på dagsorden for drøfting i kommunestyret.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	**Arkivkode**: FE-033
Arkivsaksnr: 20/730	**Løpenr**: 21/1505
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	018/2021

Talerett i kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:
Interpellasjon om talerett for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Kommunelova (https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83)
- Forskrift om medvirkningsordninger (https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-727)

Kva saka gjeld:
Kommunestyret handsama 03.12.2020 interpellasjon frå MDG om talerett i formannskapet og kommunestyret for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret gjorde til slutt følgjande vedtak:

«Saka vert utsett og kjem opp til ny handsaming i kommunestyret sitt første møte i 2021.»

Kommunestyret gjorde i møtet 03.12.2020 først eit anna vedtak i saka. Utsetjingsvedtaket vart gjort etter at saka vart opna igjen seinare i møtet. Årsaka til at saka vart opna igjen, var at i det første vedtaket kommunestyret gjorde vart det valt ein representant til ungdomsrådet (Martin Haugen) som er eldre enn 18 år. Det går fram av § 5-12 i kommunelova at medlemmer i ungdomsrådet på valtidspunktet ikkje skal ha fylt 19 år.

Framlegget som kommunestyret først vedtok i saka 03.12.2020, var som følgjer:

«KS i Samnanger kommune ønsker ikke talerett for representanter fra ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne
Eldrerådet har en representant i KS i Samnanger kommune og kan representere eldrerådet i saker som skal til behandling i utvalg/KS og har talerett i KS.
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne har også en/flere representanter i utvalg/KS som kan fremme forslag fra denne gruppen til KS og har talerett i KS.
Når det gjelder talerett for representanter fra ungdomsrådet, så fremmer vi forslag om at Martin Haugen blir representant i ungdomsrådet med talerett i utvalg/KS.»

Administrasjonen forstår det slik at det primært er spørsmålet om talerett for ungdomsrådet/val til ungdomsrådet som kommunestyret ønskjer utgreidd før saka vert handsama på nytt. Me har likevel valt å også ta med litt informasjon om talerett for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne i saksutgreiinga.

Reglar om val av medlemmer til ungdomsrådet:

Kommunelova § 5-12:

§ 5-12. *Eldreråd, råd for personer med funksjonsnedsettelse og ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom*

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Flertallet av medlemmene i eldrerådet skal på valgtidspunktet ha fylt 60 år.

Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.

Rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.

Departementet gir forskrift om oppgaver, organisering og saksbehandling for rådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom.

Utdrag frå vedtekter for Samnanger ungdomsråd:

3) Samansetting og val:

- Medlemmane i UR vert valde for 2 år. Kommunestyret fattar vedtak om samansetting i rådet.
- Perioden fylgjer skuleåret. Valet skal skje før sommarferien slik at Ungdomsrådet er operativ frå skulestart. Rådet vert konstituert i første møtet etter ferien.
- Informasjon om valet og korleis ein kan stemma skal distribuerast på best mulig måte til ungdom frå 8. trinn og opp til 18 år.
- Ungdomsrådet skal ha 6 medlemmar og 2 varamedlemmar.
- Elevrådet på ungdomsskulen får ansvar for å koma med forslag på 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant vert valde frå aldersgruppa 16-18 år av kommunestyret. Medlemmene i ungdomsrådet skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år.
- Medlemmane vel sjølv kven som skal vera leiar og nestleiar. Kulturkonsulent er sekretær.
- Sekretær har møte-, tale og forslagsrett.
- Ordførar har møterett.

Vedtektene for ungdomsrådet vart vedtekne av kommunestyret 12.05.2016 (sak 024/16).

Lovreglar om medverknad for ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne
Det går fram av § 5-12 i kommunelova at ungdomsrådet er rådgjevande organ for kommunen, og har

rett til å uttala seg i saker som gjeld ungdom. Tilsvarande regel gjeld for eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne innanfor saksområda deira.

I forskrift om medvirkningsordninger er det fastsett nærmare reglar om ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne. I § 2 i forskrifta står det mellom anna følgjande:

> Rådene har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom. Slike saker skal kommunestyret, fylkestinget eller andre folkevalgte organer forelegge for rådene.
>
> Kommunestyret og fylkestinget skal etablere rutiner som sikrer at rådene mottar sakene på et så tidlig tidspunkt i saksbehandlingen, at uttalelsene fra rådene har mulighet til å påvirke utfallet av saken. Rådene kan også ta opp saker på eget initiativ. Uttalelsene skal følge saksdokumentene til det kommunale eller fylkeskommunale organet som avgjør saken endelig.
>
> Kommunestyret og fylkestinget kan gi medlemmer av rådene møte- og talerett i folkevalgte organer.

Både eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonevne har i dag ein medlem som også er medlem i kommunestyret (Solveig Vassenden i eldrerådet og Monica Tjønna i rådet for personar med nedsett funksjonsevne) . Gjennom dette kan det argumenterast for at begge desse råda allereie har talerett i kommunestyret. Ingen av medlemmene i desse to råda er i dag medlemmer i formannskapet, og råda har i dag ikkje talerett i formannskapet.

Ungdomsrådet har ingen medlemmer som også er medlem i kommunestyret eller formannskapet. Ungdomsrådet har i dag ikkje talerett i nokon av desse to organa.

<u>Innmelde ønskje frå dei aktuelle råda</u>
Under kommunestyret si handsaming 03.12.2020 kom det ikkje fram informasjon som tyder på at eldrerådet eller rådet for personar med nedsett funksjonsevne ønskjer endringar i forhold til noverande ordning.

I kommunestyremøtet 30.04.2020 heldt dåverande leiar og nestleiar i ungdomsrådet ei orientering. Der orienterte dei mellom anna om at ungdomsrådet i nær framtid ville koma med eit framlegg om at ungdomsrådet får talerett i kommunestyret og formannskapet.

I protokoll frå møte i ungdomsrådet 09.06.2020 går det fram at det er eit ønskje frå ungdomsrådet om at det skal vere ein representant frå kommunestyret på kvart ungdomsrådsmøte.

I protokoll frå møte i ungdomsrådet 20.10.2020 går det fram at ønskje om talerett i kommunestyret vart teke opp under «Faste saker», og at dette truleg ville verta teke opp som sak i kommunestyret på nyåret.

Vurderingar og konsekvensar:
Som det går fram av § 2 i forskrift om medvirkningsordninger, kan kommunestyret gje medlemmer av både ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonevne talerett i folkevalde organ. Folkevalde organ kan for eksempel vera kommunestyret eller formannskapet.

Slik administrasjonen forstår det, er det berre ungdomsrådet som har sett fram ønske om endringar i forhold til noverande ordning. Administrasjonen forstår det slik at ungdomsrådet sitt ønske om talerett i folkevald organ no berre gjeld for kommunestyret, jf. protokoll frå ungdomsrådsmøtet 20.10.2020.

Etter § 2 i forskrift om medvirkningsordninger kan kommunestyret gje **medlemmer** i ungdomsrådet møte- og talerett i folkevalde organ. Ingen i det noverande kommunestyret i Samnanger kan veljast

som medlem i ungdomsrådet (på grunn av kravet om at ein ikkje skal ha fylt 19 år på valtidspunktet).

Dersom det skal innførast ordning med talerett i kommunestyret for ungdomsrådet etter reglane i § 2 i forskrift om medvirkningsordninger, kan ikkje denne taleretten leggjast til andre enn medlemmer i ungdomsrådet.

Kommunestyret kan velja å innføra ordning med at ein av kommunestyrerepresentantane skal delta på møta i ungdomsrådet (utan forslags- eller stemmerett), og uttala seg på vegner av ungdomsrådet i aktuelle saker i kommunestyret. Dette vil i så fall ikkje vera ei slik ordning som er beskriven i § 2 i forskrift om medvirkningsordninger, men ei alternativ ordning.

Moglege alternativ for auka påverknad for ungdomsrådet i kommunestyret kan for eksempel vera:

- Alternativ 1: Ein medlem i ungdomsrådet (for eksempel leiar/leiar sin stadfortredar) får møte- og talerett i kommunestyret i saker som gjeld ungdom.
- Alternativ 2: Kommunestyret peikar ut ein av kommunestyrerepresentantane til å delta på møta i ungdomsrådet, utan forslags- eller stemmerett. Denne representanten kan då utttala seg på vegner av ungdomsrådet i aktuelle saker i kommunestyret.

Alternativ 2 vil krevja at det vert gjort ei justering i vedtektene for ungdomsrådet.

Alternativ 1 vil truleg ikkje krevja endringar i kommunale reglement/vedtekter. I Samnanger sitt reglement for kommunestyret m.fl. er det i punkt 2.7 opna for at andre enn kommunestyremedlemmene kan delta i møte:

2.7 Rådmannen og andre – deltaking i møtet

Rådmannen er med i møtet. Han/ho har talerett, personleg eller ved ein av sine underordna, jf. kommuneloven § 23 pkt. 3. Rådmannen syter for turvande sekretariatshjelp under møtet. Sekretær har talerett på det som vedkjem føring av møteprotokollen.

Andre kan, når særskilde lovføresegner gjev rett til det, delta på møtet med dei rettar og plikter som er fastlagt i det einskilde høve. Kommunestyret avgjer elles om andre enn dei som er nemnde ovanfor, kan ta del i møtet på same måte.

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen fordi den gjeld forholdet mellom folkevalde/kommunale organ.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	**Arkivkode**: FE-630
Arkivsaksnr: 19/831	**Løpenr**: 21/171
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	11.02.2021	004/2021
Kommunestyret	25.02.2021	019/2021

Vurdering av løysing for strøyming og opptak av offentlege møte

11.02.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Forslag frå MDG, foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista
Samnanger kommune held fram med noverande løysing for strøyming og opptak av møte i kommunestyret, formannskapet og eventuelt naturutvalet. Administrasjonen må arbeida for å auka stabiliteten i løysingar, for å redusera risikoen for at møte ikkje vert strøymde.

Handsaming:
Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2021 Vedtak:
Samnanger kommune held fram med noverande løysing for strøyming og opptak av møte i kommunestyret, formannskapet og eventuelt naturutvalet. Administrasjonen må arbeida for å auka stabiliteten i løysingar, for å redusera risikoen for at møte ikkje vert strøymde.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Kva saka gjeld:
Kommunestyret handsama 03.12.2020 ein interpellasjon frå Senterpartiet om strøyming av offentlege møte. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *«Samnanger kommune ved administrasjonen får i oppdrag å finna ut om KommuneTv eller eit anna tilsvarande system kan vera ei betre løysning med tanke på strøyming av offentlege møte.*
- *Kostnadar må komma fram, og kommunestyret må ta endeleg vurdering på evt. bytte av*

leverandør.
- *Saka skal til handsaming på første kommunestyremøte i 2021.»*

Historikk og situasjonen pr. i dag

Kommunestyret sine møte har vorte strøyma direkte på internett sidan hausten 2015. I tillegg ligg opptak frå kommunestyremøta ute på internett i eitt år frå møtedatoen.

Formannskapet sine møte har vorte strøyma direkte på internett sidan våren 2018, og opptak frå desse møta ligg også ute på internett i eitt år frå møtedatoen.

Den tekniske løysinga som vert brukt i dag, er ei relativt enkel og billeg løysing der dataprogrammet Wirecast blir brukt til å strøyma møta på Youtube. Opptaka frå møta vert også lagt på Youtube. Løysinga er ikkje integrert med kommunen sitt sakshandsamingssystem (Websak).

I forkant av at ordninga med strøyming av kommunestyremøte vart starta opp i 2015, vart det vurdert om kommunen skulle ta i bruk ei enkel/billeg løysing (Youtube/tilsvarande) eller kjøpa inn eit system som er spesiallaga for strøyming og opptak av møte i politiske organ (produktet KommuneTV frå firmaet Aventia). Kommunestyret vedtok (sak 019/2015) å gå for ei enkel/billeg løysing med strøyming på Youtube. Denne løysinga har vorte brukt i heile perioden etter 2015, med nokre tilpassingar undervegs.

Det har i perioden etter 2015 vore ein del tekniske utfordringar med løysinga som kommunen har brukt:
- Nokre møte har ikkje vorte strøymde i det heile.
- Delar av nokre møte har ikkje vorte strøymde.
- Nokre møte har fått utsett møtestart på grunn av problem med å få strøyminga igang.
- Lydkvaliteten på mange møte har vore dårleg.
- Bildekvaliteten på ein del møte har vore dårleg (flimring, vanskeleg å lesa tekst på projektorbilde).
- Administrasjonen har måtte bruka mykje arbeidstid til testing etc før kvart møte.

Det vart gjort nokre endringar hausten 2020 for å betra den tekniske løysinga (ny møteromsmikrofon, utskifting av kamera, oppgradering av programvare). Desse endringane har forbetra spesielt lydkvaliteten, men framleis er løysinga likevel ikkje så stabil som ønskeleg. På dei siste møta har me gått over til å bruka eit vanleg webkamera, som har gitt grei bildekvalitet.

Talet på sjåarar på direktesendingane og opptaka varierer. Vanlegvis er det 15-30 sjåarar på direktesendingane. Nedanfor følgjer oversikt pr. 01.02.2021 over talet på visningar av opptaka frå kommunestyremøta og formannskapsmøta andre halvår 2020:
- Opptak frå kommunestyremøtet 13.08.2020, vist 570 gongar
- Opptak frå kommunestyremøtet 16.09.2020, vist 432 gongar
- Opptak frå kommunestyremøtet 28.10.2020, vist 441 gongar
- Opptak frå kommunestyremøtet 03.12.2020, vist 484 gongar
- Opptak frå kommunestyremøtet 18.12.2020, vist 162 gongar
- Opptak frå formannskapsmøtet 13.08.2020, vist 195 gongar
- Opptak frå formannskapsmøtet 15.10.2020, vist 169 gongar
- Opptak frå formannskapsmøtet 12.11.2020, vist 322 gongar

Aventia KommuneTV

Aventia KommuneTV er ei løysing for strøyming og opptak av møte som vert brukt av mange

kommunar. Dette er ein «ferdig produktpakke» med kamera, mikrofonar, PC, programvare for strøyming og opptak, abonnement, lagringsplass for opptak, og integrasjon mot kommunen sitt sakshandsamingssystem. Integrasjonen mot kommunen sitt sakshandsamingssystem gjer at sjåarane på ein enkel måte får tilgang til saksdokumenta i den saka som er oppe til handsaming. Både bilde- og lydkvaliteten er god. I tillegg kan ein i KommuneTV ha fleire kamera i møtesalen, og sjåaren kan velja kva kamera ho/han vil sjå sending/opptak frå. Det er også ein eigen «projektormodul» som gjer at sjåaren kan sjå bildet som vert vist på projektoren i møtesalen. KommuneTV tilbyr også (som opsjon) ein modul med integrasjon mot Teams/Skype, slik at digitale møte kan strøymast på ein enkel måte. Ein annan opsjon er ein modul for digital avstemming.

Ifølgje ACOS (som er leverandøren av kommunen sitt sakshandsamingssystem Websak), er Aventia KommuneTV den einaste strøymingsløysinga som har integrasjon mot Websak. Slik integrasjon må etter administrasjonen si vurdering vera eit krav for at løysinga skal vera aktuell å ta i bruk hos oss.

Eksempel på møte som er strøyma med Aventia KommuneTV:

- Osterøy kommune - heradsstyremøte 09.12.2020 (https://osteroy.kommunetv.no/archive/8)
- Bjørnafjorden kommune - kommunestyremøte 15.12.2020 (https://bjornafjorden.kommunetv.no/archive/117)

I interpellasjonen som kommunestyret handsama 03.12.2020 vart det peika på at ei løysing med Aventia KommuneTV vil gje følgjande fordelar i forhold til kommunen si noverande løysing:

- Betre tilbod til innbyggjarane/sjåarane kan gje auka innbyggarengasjement.
- Enkelt for sjåaren å finna handsaming av enkeltsaker, dersom ein ikkje ønskjer å sjå eit heilt møte.
- Opptak av digitale møte.
- Vesentleg betre kvalitet på lyd og bilete.

Økonomi

Løysinga som kommunen brukar i dag har ikkje store kostnader. Gjennomsnittleg årleg kostnad ligg på om lag 10 000 – 15 000 kroner. Dette er kostnader til nødvendig utskifting/oppgradering av utstyr og programvare. Det er ingen abonnementskostnader knytt til streaming eller lagring av opptak på Youtube.

Administrasjonen har via IKT Nordhordland henta inn pristilbod på Aventia KommuneTV. Kostnadene vil vera litt avhengig av kor mange kamera som skal kjøpast inn, samt kva opsjonar som vert valde. Oppsummert ser kostnadene ut til å verta om lag som følgjer:

Eingongskostnader (ekskl. mva)	**Sum**
Eingongskostnader utanom opsjonar · *Programvare/modular, PC, kamera/kameratilbehør (2 stk kamera), montering, integrasjon mot ACOS Websak*	148 000
Lydutstyr (anslått kostnad)	5 000
1 stk ekstra kamera	10 000
Opsjonar - integrasjon mot Facebook og Teams/Skype	13 000
Sum ekskl. uføresette kostnader	***176 000***
Uføresette kostnader (10 - 12 %) *	20 000
Sum	**196 000**

**) Uføresette kostnader kan for eksempel vera eventuelt nødvendig elektrikararbeid, eventuell nødvendig utskifting av eksisterande utstyr (projektor etc). Erfaringsmessig vert det ein del uføresette kostnader i slike prosjekt.*

Årlege kostnader (ekskl. mva)	Sum
Lagring, datatrafikk og support/vedlikehald (anslått kostnad) **	35 000
Integrasjon mot ACOS Websak	6 000
Sum ekskl. uføresette kostnader	***41 000***
Uføresette kostnader (vedlikehald, utskifting av utstyr etc)	10 000
Sum	**51 000**

***) Årlege kostnader for lagring og datatrafikk vil mellom anna avhenga av kor mange møte som vert strøyma pr. år og kor lenge opptaka skal lagrast. Det er i tabellen teke utgangspunkt i at alle møte i kommunestyret og formannskapet skal strøymast, og at opptak frå møta skal lagrast i eitt år.*

Aventia har også gitt pristilbod på ei digital avstemmingsløysing (som ein opsjon). Denne opsjonen er ikkje med i tabellane ovanfor. Kostnaden vil vera om lag 58 000 kroner i eingongs-/oppstartkostnad og om lag 42 000 kroner i årleg kostnad.

Det ligg ikkje inne midlar til KommuneTV i budsjettet for 2021 eller i økonomiplanperioden fram til 2023.

Andre kommunar sine erfaringar
Administrasjonen sitt inntrykk er at kommunar som brukar KommuneTV i hovudsak er fornøgde med dette produktet, sjølv om det også kan oppstå tekniske problem med KommuneTV. For eksempel har det skjedd i Kvam herad at møte ikkje har vorte strøyma, på grunn av tekniske problem. Det vil også krevja litt opplæring av møtesekretæren for å kunne betjena/beherska KommuneTV på ein god måte. Erfaringa til Vaksdal kommune er at det er nødvendig å testa KommuneTV før kvart møte som skal strøymast, tilsvarande som for Youtube-løysinga me brukar i Samnanger i dag.

Kva løysing for strøyming/opptak brukar nabokommunane til Samnanger?
Alle nabokommunane til Samnanger som strøymer politiske møte på internett, ser ut til å bruka løysinga KommuneTV. Dette gjeld mellom anna Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden, Osterøy, Vaksdal, Kvam, Voss, Kvinnherad og Stord.

Innkjøpsreglar
Ved anskaffingar med verdi mellom 100 000 kroner og 1,3 millionar krone gjeld reglane i Del I i Forskrift om offentlige anskaffelser. Dette inneber mellom anna at kommunen må dokumentera vesentlege forhold/avgjerder som er gjort i anskaffingsprosessen, for eksempel kva som er gjort for å sikra konkurranse. Som hovudregel bør det for slike anskaffingar hentast inn pristilbod frå tre leverandørar (dersom det finst så mange aktuelle leverandørar). Det er ikkje krav om kunngjering av konkurranse i Doffin når verdien er under 1,3 millionar kroner. Dersom det berre finst ein aktuell leverandør, må dette gå frå av kommunen sin dokumentasjon.

Vurderingar og konsekvensar:
Administrasjonen har ikkje vurdert andre alternativ til dagens løysing enn Aventia KommuneTV. Årsaka til dette er at KommuneTV er den einaste løysinga som har integrasjon mot kommunen sitt sakshandsamingssystem. Det finst også andre alternativ som kan brukast til strøyming/oppptak av møte i staden for kommunen sin noverande Youtube-løysing, men administrasjonen si vurdering er at dersom me skal skifta løysing, så må me velja ei løysing som har integrasjon mot kommunen sitt sakshandsamingssystem.

For administrasjonen sin del vil det truleg vera ein fordel dersom me skiftar frå dagens løysing til KommuneTV. Driftstryggleiken på ei løysing med KommuneTV vil truleg vera litt større enn med dagens løysing, sjølv om erfaringa frå andre kommunar viser at det kan vera driftsproblem/tekniske utfordringar også med KommuneTV. Arbeidsmengdemessig vil det truleg ikkje verta noko stor

endring i forhold til i dag for administrasjonen, men etter ein innkjøringsperiode kan det verta mindre behov enn i dag til testing av streamingløysinga før kvart møte.

Ei løysing med KommuneTV vil vera mindre fleksibel enn dagens løysing. KommuneTV er primært basert på fastmonterte kamera i møterommet, medan me i dagens løysing kan flytta kameraet rundt i møterommet. Ei løysing med fastmonterte kamera vil likevel truleg ikkje vera noko stort problem dersom alle møta i kommunestyret og formannskapet (og eventuelt naturutvalet) vert haldne det same møterommet.

I Aventia sitt tilbod er to stk kamera inkludert. Desse kan for eksempel filma høvesvis talarstolen og ordførarbordet. Ein del kommunar har i tillegg eit tredje kamera som filmar møtesalen/møtedeltakarane. Kostnad for kjøp og installasjon av eit ekstra (tredje) kamera vil vera om lag 10 000 kroner, litt avhengig av kva kameratype som vert valt.

I og med at KommuneTV er basert på fastmonterte kamera, bør eventuell overgang til KommuneTV venta til møta i kommunestyret og formannskapet vert flytta tilbake til kommunestyresalen på kommunehuset. Dette vil truleg skje når heisen på kommunehuset er på plass, jf. vedtak i kommunestyret om heis på kommunehuset. Det vil vera lite føremålstenleg å montera kamera/utstyr for KommuneTV i møterommet på biblioteket på Bjørkheim, dersom møta i kommunestyret og formannskapet skal flytta tilbake til kommunehuset i løpet av 2021.

Ei løysing med KommuneTV vil gje eit forbetra tilbod til innbyggjarane enn i dag, primært ved at dei enkelt får tilgang til sakspapira i den saka som til ei kvar tid er oppe til handsaming i møtet. Bilde- og lydkvaliteten vil truleg også verta betre enn i dag.

Om talet på sjåarar vil auka dersom Samnanger tek i bruk KommuneTV, er vanskeleg å vita.

Dersom KommuneTV vert valt, tilrår administrasjonen at kommunen også kjøper og tek i bruk opsjonane for integrasjon mot Facebook og Teams/Skype. Dette vil gjera det enklare enn i dag å strøyma møte som vert haldne på Teams.

Administrasjonen tilrår ikkje at Samnanger kjøper eller tek i bruk Aventia sin digitale avstemmingsmodul. Me har fått informasjon frå leverandøren av kommunen sin Møteportal (ACOS) om at dei for tida testar ein ny versjon av Møteportalen, med digital voteringsfunksjonalitet. Denne versjonen er no i pilot hos nokre få kundar, og vil etter kvart også verta tilbode til andre kundar.

<u>Oppsummering</u>
Det vil vera ein betydeleg kostnad for kommunen dersom me skal kjøpa inn og ta i bruk KommuneTV, truleg nærmare 200 000 kroner i eingongskostnad og om lag 50 000 i årleg kostnad. Det er ikkje lagt inn budsjettmidlar til dette i budsjettet/økonomiplanen. Det meste av desse midlane må derfor løyvast ekstra. Eingongskostnaden vil måtte førast i investeringsrekneskapen, og finansierast enten med midlar frå disposisjonsfondet eller andre tilgjengelege midlar. Det kan stillast spørsmål ved om behovet for ei løysing som KommuneTV er så stort at det forsvarar å bruka så mykje midlar. Kommunen har behov for midlar på mange område, og må prioritera korleis midlane vert brukt.

KommuneTV vil gje eit forbetra tilbod til publikum/innbyggjarar i forhold til løysinga me brukar i dag, primært fordi det vil vera enkelt å lasta ned sakspapira i den saka som er oppe til handsaming. Det er vanskeleg å vita kor stort behovet for ei slik løysing er i Samnanger, og kor mange innbyggjarar som vil nytta seg av tilbodet. I og med at mange andre kommunar brukar KommuneTV, kan det kanskje vera forventningar blant ein del av innbyggjarane om at også Samnanger skal ha denne løysinga.

For møtesekretær/tilsvarande vil endringane truleg verta relativt små i forhold til i dag med omsyn til arbeidsmeng under og etter møta, men me kan i alle fall håpa på at KommuneTV vil vera noko meir stabilt enn dagens løysing.

Alternativet til å ta i bruk KommuneTV kan vera å halda fram med dagens løysing, men bruka nokre konsulenttimar på å gå gjennom den tekniske løysinga for å gjera den meir stabil. Det kan då verta nødvendig å bruka 10 000 - 20 000 kroner på for eksempel programvare og eventuelt ein ny PC.

Rådmannen har valt å ikkje gje tilråding i saka. For administrasjonen vil det ha liten betyding om me går over til å bruka KommuneTV eller held fram med dagens løysing.

Nedanfor følgjer to eksempel på moglege vedtak i saka, som kommunestyret eventuelt kan bruka:

Alternativ 1:
Samnanger kommune kjøper inn og tek i bruk løysinga Aventia KommuneTV til strøyming og opptak av møte i kommunestyret, formannskapet og eventuelt naturutvalet. Dette vert gjort for å betra tilbodet til innbyggjarane i kommunen.

Løysinga skal innstallerast i kommunestyresalen på kommunehuset i 2021, og takast i bruk når møta i kommunestyret og formannskapet vert flytta tilbake dit. Det vert løyvd inntil 200 000 kroner ekskl. mva til innkjøp og installasjon av løysinga i 2021, samt inntil 30 000 kroner ekskl. mva til løpande kostnader i 2021. Desse kostnadene vert finansiert av disposisjonsfondet. Utgifter til løpande kostnader frå og med 2022 må innarbeidast i rådmannen sitt budsjettforslag.

Alternativ 2:
Samnanger kommune held fram med noverande løysing for strøyming og opptak av møte i kommunestyret, formannskapet og eventuelt naturutvalet. Administrasjonen må arbeida for å auka stabiliteten i løysinga, for å redusera risikoen for at møte ikkje vert strøymde.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	**Arkivkode**: FE-011
Arkivsaksnr: 19/1056	**Løpenr**: 20/10626
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	020/2021

Fastsetjing av valdag - Stortings- og sametingsvalet 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Stortings- og sametingsvalet vert fastsett til måndag 13.09.2021.

Dokument som ikkje er vedlagt:
Valgloven med forskrifter

Kva saka gjeld:
I statsråd 06.03.2020 er valdagen for stortingsvalet og sametingsvalet 2021 fastsett til måndag 13.09.2021. (jf. valgloven §9-2 (1): *«Kongen fastsetter før hvert valg valgdagen til en mandag.»*)

Kvart enkelt kommunestyre kan bestemma at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal haldast val også søndag 12.09.2020, jf. valgloven §9-2 (2).

Vurderingar og konsekvensar:
Det har aldri tidlegare vorte gjennomført val over to dagar i Samnanger kommune. Valdeltakinga ved tidlegare val i Samnanger har vore jamn og som oftast over landsgjennomsnittet, og det er ikkje noko som tyder på at dette vil endra seg ved å gjennomføre todagarsval.
Administrasjonen har ikkje motteke innvendingar eller meldingar om at ein bør endra på ordninga med val kun ein dag.

Gjennomføring av val over to dagar vil også føra til auka utgifter til godtgjersle for røystestyra og valstyret, leige av lokale, mat og løn/ overtidsbetaling til valmedarbeidarar.

Detaljar om smitteverntiltak og den praktiske gjennomføringa vil avklarast med smittevernslegen i Samnanger, og utførast etter styresmaktene sine retningsliner.

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Øystein Svalheim	**Arkivkode**: FA-V31
Arkivsaksnr: 20/795	**Løpenr**: 21/1489
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	021/2021

Ordning med kommunalt tilskot til nydyrking og redyrking i Samnanger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Utarbeiding av ein langsiktig og heilskapleg landbruksplan for Samnanger kommune vert lagt inn som tiltak i 2022 i kommunen sin planstrategi. I arbeidet med handlingsdelen av planen skal mellom anna innføring av kommunalt tilskot til redyrking og nydyrking vurderast.

Dokument som er vedlagt:
Interpellasjonar frå MDG til kommunestyremøtet 16.09.2020

Bakgrunn for saka:
Bakgrunnen for saka er følgjande vedtak i Samnanger kommunestyre 16.09.2020:

- «Administrasjonen skal til kommunestyremøtet 28.10.2020 utgreia og leggja fram ei sak om ordning med kommunalt tilskot til nydyrking og redyrking i Samnanger.»

Rådmannen sine vurderingar
Rådmannen viser til landbrukskontoret si saksutgreiing nedanfor, og støttar vurderinga deira om at kommunen bør starta arbeidet med å laga ein ny og langsiktig landbruksplan for Samnanger, der ein ser på tiltak i landbruksnæringa i eit heilskapleg perspektiv. Vurdering av ulike moglege kommunale tiltak må gjerast som ein del av dette arbeide. Dette gjeld mellom anna eventuell innføring av ordning med kommunalt tilskot til nydyrking og redyrking. Landbrukskontoret må få ei sentral rolle i arbeidet med landbruksplanen.

Oppsummering frå landbrukskontoret:
Bjørnafjorden landbrukskontor meiner eit kommunalt tilskot for nydyrking og redyrking kan vera aktuelt, men at det bør sjåast i samanheng med andre tiltak, til dømes tilskot til drenering. Eit tilskot på 10 000 kroner per dekar vil nok uansett vera vel høgt.

Vår vurdering er at potensialet for nydyrking i Samnanger er svært begrensa, medan det er eit stort

potensial for å «gjendyrka» eller halde i hevd allereie opparbeida jordbruksareal. Areal som moglegvis er ute av drift i Samnanger er nesten 48% av det samla jordbruksarealet. Dette er eit alvorleg høgt tal, som det er viktig at kommunen prøver å gjera noko med.

Utanom nevnte tiltak (som vi greiar meir ut om i saksdokumentet), foreslår landbrukskontoret at kommunen startar arbeidet med å laga ein ny og langsiktig landbruksplan for Samnanger, kor ein kan sjå på tiltak for landbruksnæringa i eit heilskapleg perspektiv, og at eit av tiltaka ein kan planleggja, er eit prosjekt der ein satsar på å informera om, og fylgja opp driveplikta overfor alle grunneigarar.

Landbrukskontoret si saksutgreiing:


Om begrepa:

Vi skil mellom dyrka jord (også kalt matjord eller jordbruksareal), og dyrk*bar* jord.

Dyrka jord er sterkt kulturpåvirka mark med permanent vegetasjonsdekke (eng/beite) eller periodisk vegetasjonsdekke (åker). Dyrka jord vert klassifisert i tre klasser: fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innbarkbeite. Fulldyrka jord har vanleg pløyedjup og kan nyttast til åkervekster. Overflatedyrka jord kan haustast maskinelt, men har for tynn djup eller er for lite rydda til at det kan pløyast. Innmarksbeite kan ikkje haustast maskinelt. Arealet skal vera dekt av minst 50 prosent kulturgras eller beitetålende urter.

Dyrkbar jord er arealer som ved oppdyrking kan settes i stand slik at de vil holde kravene til fulldyrka jord og som holder kravene til klima og jordkvalitet for plantedyrking.

I NIBIO sitt Gardskart eller kartløysinga Kilden, er fulldyrka jord merka med oransje farge, overflatedyrka som sterk gul og innmarksbeit som lys gul (i markslag AR5-kartlaget). Dyrkbar jord kjem opp som raud skravur (i kartlaget for dyrkbar jord), vist til høgre under.





Når vi pratar om nydyrking, er det oppdyrking av dyrkbart areal vi pratar om, altså heilt ny jordbruksjord eller jord som ikkje har vore dyrka på meir enn 30 år. Når vi snakkar om gjendyrking, er det dyrking av allereie eksisterande jordbruksareal. «Gjendyrking» er ikkje eit etablert landbruksbegrep, av di jordbruksareala per definisjon allereie er dyrka opp, og når dei først er dyrka opp, er dei i teorien beskytta mot gjengroing gjennom driveplikta i jordlova. I praksis ser vi at driveplikta ofte ikkje vert opphalden, og politisk kan det difor vera nyttig å ha «gjendyrking» som eit omgrep for å prata om desse areala som held på å gro igjen.

Om attgroing og driveplikt

Heile Noreg har eit problem med attgroing av dyrka mark, først og fremst beiteareal som går ut av produksjon. Dette har vi sett sidan 70-talet og det er i ferd med å endre kulturlandskapet. Men også overflatedyrka og til dels fulldyrka areal gror att. Særleg små, bratte eller på anna vis tungdrevne

teigar. Det er eit omfattande problem.

Jordlova seier i §8 om driveplikt at *Jordbruksareal skal drivast. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.*
Driveplikta kan oppfyllast ved at arealet vert leigd bort. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. Eigaren må sende kopi av avtala til kommunen. Ei leigeavtale som er i strid med andre eller tredje punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.
***Finn departementet at jordbruksarealet ikkje vert drive, kan eigaren påleggjast å leiga jorda bort for ei tid av inntil 10 år**, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.*

Og litt lengre ned:

Finn departementet at jordbruksarealet ikkje vert drive, kan eigaren påleggjast å leiga jorda bort for ei tid av inntil 10 år, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

I § 9 står det: *Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*


All jordbruksjord har difor i utgangspunktet eit sterkt vern i jordlova, og alle jordeigarar er pålagt å driva jorda si jamfør driveplikta. Når jord likevel gror igjen, er det ofte eit samansett problem med fleire årsaker kor manglande lønsemd og manglande oppfølging av driveplikta ofte er i kombinasjon. Det kan også rett og slett handla om liten kunnskap om regelverket, kor landeigarane ikkje er klar over pliktene dei har etter lova.

NIBIO har dei siste åra jobba med å kartfesta areal som kan vera ute av drift. Dette er jordbruksareal som det ikkje vert søkt produksjonstilskot for, og som ein difor kan ha ein mistanke om at ikkje vert drifta.

Heile 2 563 dekar, det vil seie nesten 48 % av Samnanger sitt samla jordbruksareal på 5 384 dekar, er merka som at kan vera ute av drift.

(I Kilden kan ein sjå alle desse aeala som farga område, som i kartet nedanfor).

48% er eit svært høgt tal, blant dei høgaste i Vestland fylke.



Meir om kartlegging av areal som kan vera ute av drift, og statistikker for heile landet, kan ein lasta ned her: https://www.nibio.no/tema/jord/arealressurser/andre-kart/jordbruksareal-som-kan-vaere-ute-av-drift

Nydyrking og dyrkbar jord

Det å dyrka opp ny jord er eit kostnadskrevjande tiltak. Ein kan fort rekna 8-20 000 kroner per dekar (Bondevennen), og kanskje enda meir om det er naudsynt med omfattande grøfting. Kostnaden varierer avhengig av om det er myr, skog, bratt, vått, morene osv. Må ein køyre til store mengder massar er dette svært kostbart. Då snakker vi gjerne om å etablere eit massemottak for reine massar. I slike tilfelle er det gjerne ein entreprenør som skal kvitte seg med overskotsmassar som betaler tilkøyring, oppbygging og planering av ny jord osv. Det var det som var tilfellet då det vart dyrka eit stort areal i Mørkhølen i 2012-14 og på Liaros på massar frå vegvesenet sitt prosjekt med tunnell bak Tysse.

Nydyrking vert gjort med mål om betre og meir fulldyrka jordbruksareal. Det vil auke verdien av garden som får nye dyrka areal og det vil gjere drifta lettare, med oftast kortare veg til jorda, lettare maskinell hausting og fleire andre føremoner som kan gjere det freistande med nydyrking. Ny jord gjer og rett til arealtilskot i PT. Fleire andre økonomiske argument er referert i artikkelen i Bondevennen frå 2018 som tek føre seg økonomien i nydyrking https://www.bondevennen.no/fagartiklar/okonomien-i-nydyrking/

Eit tilskot til nye bønder som tek over bruk som har ligge nede i lang tid kan stimulere til å få dei tilbake som aktive bruk. Slik støtte til gjendyrking kan til dømes støttast med satsar utarbeidd på same måten som SMIL tilskotet, men utan kravet om at garden alt må være berettiga til produksjonstilskot. Andre som ønskjer å utvide det dyrka arealet på eigedomar dei allereie driv bør kunne støttast etter same modellen for å få dyrkbare areal i produksjon att.

Sommaren 2020 vart forskrift om nydyrking og Veileder til forskrift om nydyrking revidert:

https://www.fylkesmannen.no/contentassets/454170236a2a4ecc93c72b3319988904/rettleiar-til-forskrift-om-nydyrking.pdf
Forskrifta kom i 1997, men mykje har skjedd sidan og det er fleire nye omsyn i dag som ikkje var aktuelle i -97.

I §3 i forskriften finn vi ein definisjon på kva som meinast med nydyrking

Med nydyrking menes fulldyrking og overflatedyrking av jord. Gjenoppdyrking av jordbruksareal som har ligget unytta i over 30 år, regnes som nydyrking.
Med fulldyrking menes rydding og bryting til vanlig pløyedybde slik at arealet kan nyttes til åkervekster eller til eng og beite som kan fornyes ved pløying.
Med overflatedyrking menes rydding og sletting av overflata slik at maskinell høsting er mulig.
Med myr menes arealer med myrvegetasjon og minst 30 cm tykt torvlag.

Kva gjer andre kommunar?

Statleg nydyrkingstilskot har ikkje vore gitt sidan 1990, men dei seinare åra har fleire kommunar gitt støtte til nydyrking. Døme på kommuner som har gjort dette, er:

- Tynset, som har løyva 500 kroner per dekar (frå Østlendingen i 2013)
- Nordre land, som gjennom eit fond for nydyrking ga tilskot på 2000 kroner per dekar (Oppland arbeiderblad 2019).
- **Lesja** kommune har sidan 2019 løyva inntil **1500** kr/daa frå kraftfondet. https://www.lesja.kommune.no/tenester/landbruk-og-naringsutvikling/naringsutvikling/naringsfond/retningsliner/.
- **Salangen** kommune gjev inntil **2500** frå næringsfondet
- **Stjørdal** kommune gjev **2500** kr/daa (i 2016)
- **Gjøvik** kommune gjev inntil **3000** kr/daa (i år)

I Trøndelag har Geno engasjert NLR-T (Norsk landbruksrådgivning Trøndelag) til å organisere søknader om bidrag til nydyrking https://www.geno.no/Start/Geno-Avler-for-bedre-liv/ledig-stilling-geno/nydyrkingstilskudd-til-trondelag/. Målet i dette tilfellet er å bidra til nydyrking av 500 dekar i Tøndelag. Bakgrunnen er eit eigedomsutviklingsprosjekt der 250 dekar vart omdisponert i arealdelen av kommuneplanen for Trondheim i 2012. Tilskotet skal stimulere til nydyrking av areal tisvarande meir enn det doble av det som vart omdisponert i 2012. Tilskuddet er på **4000 kr per dekar** med maks tilskudd til 15 dekar per prosjekt. Her er det GENO som har bidrege med pengar, NLR handsamar søknader om pengar når kommunen først har innvilga søknad om nydyrking.

Moglege løysingar for Samnanger

Eit tilskot til nydyrking i Samnanger kommune på kr 10 000 er nok litt i overkant om vi samanliknar med andre kommunar. Men eit tilskot på 3-5 000 kr/daa vil nok kunne stimulere til nydyrking i Samnanger, særleg om dei kjem i tillegg til dei andre fordelane som er peika på av Bondevennen.

Samnanger kommune har imidlertid relativt lite areal som er registrert som dyrkbar jord – berre 502 dekar i heile kommunen (til samanlikning var det altså 2 563 dekar jordbruksareal som kan vera ute av drift). Dette kjem frå NIBIO sitt arealbarometer for kommunen (https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/vestland/kommuner/samnanger). Av den dyrkbare jorda er det og ein del som ikkje bør dyrkast opp (myr) eller som allereie er jordbruksareal av lågare klassifikasjon. Det er difor relativ lite å «henta» på å dyrka opp nytt areal i Samnanger i form av tal dekar.

Det er difor landbrukskontoret si vurdering at det er mest å henta på å fokusera på å halde jord i hevd (eventuelt «gjendyrka»), framfor å satsa stort på nydyrking. Dette er sannsynlegvis også minst kostnadskrevjande for bonden, sidan jorda i stor grad allereie er opparbeida.

No er det jo i utgangspunktet grunneigar sitt lovfesta ansvar å syta for at landbruksjord ikkje gror igjen, og ein kan spørja om det er riktig å gje eit gjendyrkingstilskot til dei som ikkje har overhalde driveplikta i fyrste omgang. Men ein kan jo sjå for seg ein ordning med både «gulrot og pisk». Vi kan til dømes setja i gong ein «drivepliktkampanje» kor vi informerar bredt til alle i kommunen om driveplikta og grunneigarane sitt ansvar for å halde jord i hevd, samstundes som vi (kanskje i ein begrensa tidsperiode) gjev eit insentiv til å opparbeida areal som held på å gro igjen med eit gjendyrkingstilskot.

Ein kan også sjå for seg at ein i staden for, eller i tillegg til eit gjendyrkingstilskot også kan gje eit tilskot til **drenering**. Manglande drenering er nemlig ein stor utfordring for kvaliteten til jordbruksareala, noko som mange stader på Vestlandet kan vera ein sterk bidragsyter til at jord går ut av drift. Våte jorder som er vanskelege å hauste maskinelt er ei utfordring. Dei fleste areala som er i bruk i dag har ein gong blitt drenerte, men det er mykje drenering som skulle vore restaurert/oppgradert /bytta ut. God drenering og arrondering kan auke produktiviteten monaleg på vassjuke areal.

Statlege tilskot til drenering vart gjeninnført i 2013, men det har vore mykje kritikk av at satsane er for små. Støtte vert berre gitt der det tidlegare har vore drenert. Det vert gitt 2000 kr pr dekar til systematisk drenering og 30 kr pr løpemeter. Også når det gjeld drenering er dette tilskotet berre ein liten del av dei reelle kostnadene. Viss kommunen/næringsfondet/kraftfondet/«landbruksfondet» eller liknande kunne tildelt like store tilskot som dei som vart innvilga av statlege midlar, altså dobla den samla støtta, ville det kunne vere til god hjelp. Ei slik tilleggsstøtte til drenering ville kunne være enkel å administrera om den var kopla opp mot det statlege grøftetilskotet som landbrukskontoret fordeler.

Eit kommunalt tilskot til drenering, som kan søkjast i tillegg til det sentrale dreneringstilskotet vil bidra til auka takt på drenering av vassjuk jord som har vore drenert tidlegare. Eit slikt tilskot kunne vore på 70% av satsane til det sentrale tilskotet og tildelast etter dei same kriteriane til dei som også søkjer dreneringstilskot. Dette vil auke produktiviteten på dyrka mmark i kommunen og sørge for at større areal vert halde i hevd.

Oppfølginga er viktigast

Om ein vel å innføra nye tilskot, er det imidlertid avgjerande at jorda også vert drive etterpå. Dette er eit vilkår ved tildeling av dreneringstilskot, SMIL-tilskot og fleire andre ordningar i dag. Føremålet vårt er å syta for at jorda vert halde i hevd i lang tid framover, ikkje berre i fem eller ti år.

Og då kjem vi inn på den større, strukturelle utfordringa: Kva er årsaka til at jordbruksareal gror igjen i utgangspunktet? Kva kan vi gjere for å behalde drifta på gardane i kommunen?

Då må vi finne dei viktigaste utfordringane som gjer at drifta vert lagt ned. I Samnanger ser vi til dømes at små bruk krev tilleggsjord for å drive konvensjonell produksjon i eit slikt volum at ein tener pengar. «Kartet» som er den nasjonale landbrukspolitikken, ser ikkje alltid ut til å passa til «terrenget» som er små og brattlendte vestlandsbruk. Stordriftfordeler og landbruk i Samnanger (og mesteparten av Vestland) verkar som to heilt ueinelege storleikar. Då gjeld det å finna andre måter å driva landbruk på som kan nytta dei ressursane vi har. Det trengst innovasjon – nye idear for produksjon som til dømes grønsaksproduksjon, spesialtre, foredling (kjøt og meieriprodukt, ull, skinn….) og nye måtar å marknadsføre og selja på som gjer meir att til bonden.

Eit anna problem på landsbasis er at det er særs vanskeleg å få kjøpt seg gard for nye bønder som vil inn i næringa, fordi bønder som legg ned drifta framleis beheld eigedomen i familien. Her bør ein kunna undersøkja kva kommunen i Samnanger kan gjera for å bidra til å trekkkje nye, unge bønder til kommunen. Til dømes kan ein la seg inspirera av ei stifting i fleire europeiske land som kjøper nedlagte garder og sel eller leiger dei ut med krav om at dei vert drive.

Avhengig av status på garden som nye brukarar overtek kan det være svært dyrt og tungt for eit par

nye unge bønder, sjølv med alt tenkjeleg av gode intensjonar og overskot, å få ein gard til å gje ein produksjon som gjev inntekter. Det er og mange bruk som ligg øyde der eigarane ikkje lenger eingong brukar bygnigane til fritidsbustad. Slike bruk kunne vore kjøpt av til dømes eit kommunalt landbruksfond med mål om å leggje til rette for /leige ut til nye brukarar.
Som sitatet frå jordlova §8 syner ovanfor har faktisk kommunen høve til å påleggje eigar å leige bort i minst 10 år desom han ikkje held driveplikta. Her er det kanskje og ei moglegheit for å få inn nye interesserte drivarar.

Drivepliktprosjekt og langsiktig plan (landbruksplan)
Det er mykje jord rundt om i kommunen som ikkje vert drive og mange eigarar som forsvarer seg med at det ikkje er drivverdig. Men driveplikta i jordlova gjeld likevel. Landbrukskontoret har ialfall sidan 2013 snakka om eit *driveplikt-prosjekt*. Vi ser at det er jord som ikkje vert drive, men skal vi gå ut og handheve driveplikta kan det bli særs arbeidskrevjande. Ei slik påminning, handheving og evt pålegg må være rettf
erdig og må gjelda alle eigedomar. Då trengst det ein ekstra innsats over ei tid.

Det er sikkert mange fleire gode idear for å auke arealet med jordbruksjord som vert drive. Det er heilt naudsynt at det er økonomi i å drive jorda. Landbruket i kommunen må styrast i ei retning der vi kan minimere dei økonomiske risikoane ved kjøp, modernisering, omlegging av drift og sal av dei produkta som vert laga på gardane. Men då må vi og hugse på at jordbruket er særdeles mangfaldig og det er store moglegheiter for nyntenking.

Dersom det er politisk semje i Samnnanger om å:

- Fremje lokalt landbruk
- Stoppe attgroing og fremje drift på all matjord
- Å bidra til auka lokal matproduksjon

så meiner landbrukskontoret at den beste måten å starta dette arbeidet på, er ved å gjera eit grundig arbeid med ein landbruksplan for kommunen. Her får ein moglegheit til å gjera heilskapelege vurderingar og laga eit omfattande fagleg grunnlag som gjer at ein kan vedta ein plan som ikkje berre tek for seg enkelttiltak og «symptom-fiksing», men som kan gå til rota av utfordringane vi står overfor. Ein slik plan kan ta for seg både utfordringar og moglegheiter for områda vi har nevnt over, og leggja fram tiltak både for å halda jord i hevd, styrka verdiskaping og næringsutvikling, sjølvforsyning, folkehelse, lokalmat, turisme og anna. Eit eventuelt «driveplikt-prosjekt» kan også vera ein del av ein slik plan.

Eit døme på kva ein slik plan kan innehalde (sjå neste side):

1. Statusskildring for landbruket i Samnanger, inkludert ei kort oppsummering av utviklinga dei siste 10 – 50 åra med ein oversikt over areal som er teke ut av drift
2. Utfordringar for eit levedyktig landbruk i Samnanger
    a. Små og spreidde areal
    b. Få bønder driv jorda på mange bruk
        i. Dei som har bygd ut og modernisert bruka sine til større driftseiningar slit med at arealgrunnlaget på eigen gard ikkje samsvarer med produksjonsvolumet og leigejord er naudsynt
        ii. Mykje jord som vert drive av andre enn grunneigar gjer areala sårbare ved nedlegging av drifta.Om ein bonde sluttar kan det gjere at 20 bruk ikkje lenger fyller driveplikta
    c. Låge prisar slik vi ser på slakteprisane for sau og lam
    d. Utviklinga som stimulerer til større bruk – gjer det samstundes vanskelegare å drive lønsamt på små bruk
    e. Deltidsbønder må ikkje gå i minus
3. Framlegg med tiltak for å
    a. Minimere omdisponering av dyrka og dyrkbar mark
    b. Mottak av matjord til nydyrkingsprosjekt
    c. Støtte nydyrkingstiltak
4. Nye produksjonar (foredling,td kjøt, melk, frukt- og bær, grønsaker honning tre og treprodukt av andre treslag enn gran og furu. Turisme, inn på Tunet,
5. Nye produksjons- og omsetnings- og samarbeidsformer
    a. Reko
    b. Lokalt samvirke på Slakteri og kjøtforedling
    c. Frukt og bærpresseri?
    d. Lokale kortreiste produktkombinasjonar/samarbeid
    e. Andelslandbruk
6. Engasjere til småskala hagebruk for auka sjølvbering i mikronivå 10-1500 m2
    a. Dette gjeld i praksis alle som har ein grøn flekk. Målet er auka medvit om kor verdefull matjorda er og få auka respekt for maten vi et og dei som produserer den.
    b. Hagekurs, grønsakskurs, samlingar med tema som ugras- og skadedyrkontoll, saft- og sider frå eigne bær og epler, drivhus og drivbenkar, ville vekster- kva kan etast og korleis, kompostering, jordarbeiding. Dyrehald? Kaninar og høns?

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	**Arkivkode**: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	**Løpenr**: 21/1439
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	25.02.2021	1

Interpellasjon frå MDG: Lysureining